






# Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane

## Fagrappport 1995



Fiskeressursar  
i regulerte vassdrag  
i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
**Miljøvernavdelinga**

RAPPORT NR. 2 - 1996  
ISBN 82-91031-29-0  
ISBN 0803-1886

# **Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane**

1. Prosjektet er eit samarbeid mellom vassdragsregulantar og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om fiskegranskingar i regulerte vassdrag.
2. Målet med prosjektet er å få oppdatert kunnskap om innlandsfiskbestandar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. På bakgrunn av resultat frå prøvefiske og synfaringar skal det vurderast moglege alternative tiltak til utsetjing av fisk.
3. Prosjektet er leia av ei styringsgruppe, som for 1994 og 1995 har hatt følgjande samansetjing:
  - Ola Lingaas, Sogn og Fjordane Energiverk (leiar)
  - Sjur Gammelsrud, Statkraft SF
  - Magnar Dalen, Oslo Energi
  - Roy M. Langåker, Fylkesmannen - miljøvernnavdelinga
  - Øyvind Walsø, Direktoratet for naturforvaltning (observatør)
  - Ivar Sægrov, NVE - region Vest (observatør)
  - Arne Erlandsen, Energiforsyningens Fellesorganisasjon (observatør)
4. Prosjektet vert finansiert av regulantane og fylkesmannen. Det faglege ansvaret for prosjektet er lagt til fylkesmannen, som òg har administrativt ansvar for prosjektleiar.
5. Rapportering frå prosjektet skjer gjennom årlege årsmeldingar og fagrapporatar.
6. Regulantane som er med er: Hydro Energi, Østfold Energiverk, Oslo Energi, Statkraft, Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap, Elkem, Sognekraft, Sogn og Fjordane Energiverk, Svultingen og Firdakraft.

## **Prosjektadresse:**

Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - miljøvernnavdelinga  
Tinghuset  
5840 Hermansverk  
Tlf.: 57 65 00 00 el. 57 65 51 40

Framsidebilete: 1. Fjellaure. 2. Tyin reguleringsmagasin. 3. Friluftsliv i Stølsheimen 4. Garnfiske.  
Foto 1, 3 og 4: Roy M. Langåker. 2: Arkivfoto Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernnavdelinga.

## **Forord**

Prosjektet «Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane» er eit samarbeid mellom sentrale vassdragsregulantar og miljøvernnavdelinga hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Direktoratet for naturforvaltning (DN), Energiforsyningens Fellesorganisasjon (ENFO) og Norges Vassdrags- og Energiverk (NVE) er nære samarbeidspartnarar for prosjektet. Prosjektet starta 1. september 1994, og har ei tidsramme på 3 (evt. 4) år.

Prosjektet samordnar fiskeribiologiske granskningar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. Dette er eit alternativ til at det vert gjeve enkeltpålegg om granskningar for kvart enkelt vatn. Hovudmålet med prosjektet er å få evaluert eksisterande pålegg om utsetjing av innlandsfisk og å få vurdert om det er nødvendig med tiltak for å styrke fiskebestandane.

Miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane har det faglege ansvaret for prosjektet. Det faglege arbeidet vert rapportert gjennom årlege fagrapportar. I tillegg til dette gjev styringsgruppa for prosjektet ut eiga årsmelding.

Prosjektet er finansiert av Hydro Energi, Østfold Energiverk, Oslo Energi, Statkraft, Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap, Elkem, Sognekraft, Sogn og Fjordane Energiverk, Svultingen, Firdakraft og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

## Miljøvernnavdelinga

	Rapp.nr. 1996-2
Forfattar Kurt Urdal og Eyvin Sølsnæs	Dato 01.07.96
Prosjektansvarleg Eyvin Sølsnæs	Sidetal 112
Tittel Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane - Fagrappport 1995	ISBN/ISSN ISBN 82-91031-29-0 ISSN 0803-1886
Geografisk område Sogn og Fjordane	Fagområde Fiskeforvalting
Oppdragsgjevar «Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane»	Finansiering Vassdragsregulantar og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Kort samandrag  Prosjektet «Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane» er eit samarbeid mellom vassdragsregulantar og fylkesmannen i Sogn og Fjordane om fiskegranskningar i regulerte vassdrag. Hovudmålet med prosjektet er å få evaluert eksisterande pålegg om utsetjing av innlandsfisk i fylket.	
Prosjektet har i 1995 gjennomført prøvefiske i fire område: Matrefjella (BKK), Vikafjellet (Statkraft), Aurlandsfjellet (Oslo Energi) og Fortun (Hydro Energi). Til saman vart 33 vatn/reguleringsmagasin prøvefiska. Det vart også teke vassprøvar.	
<b>Matrefjella:</b> Fire vatn vart fiska. Eit av vatna hadde ein overrett bestand, dei andre hadde normalt tunne bestandar. Vasskjemien i området er dårlig, med låg pH og mykje labilt aluminium. I det eine vatnet verka fiskebestanden surstressa. Alle dei undersøkte vatna har låg bufferevne mot forsuring.	
<b>Vikafjellet:</b> Sju vatn vart fiska. Eit av vatna har ein for tett bestand, dei andre har normalt tunne bestandar. Vasskjemien på Vikafjellet er bra, truleg er ingen av dei undersøkte vatna særleg påverka av forsuring.	
<b>Aurlandsfjellet:</b> Fjorten vatn vart fiska. Ni vatn har normalt tunne bestandar, tre vatn har for tette bestandar, eitt vatn hadde svært tynn bestand og eitt er fisketomt. Vasskjemien er bra, truleg er ingen av vatna særleg påverka av forsuring.	
<b>Fortun:</b> Åtte vatn vart fiska. Fire vatn har normalt tunne bestandar, eitt vatn har middels tett bestand, to vatn har svært tunne bestandar og eitt er fisketomt. Vasskjemien er bra, truleg ingen forsuringsproblem i dei undersøkte vatna.	
Emneord 1. Prøvefiske 2. Vasskjemi 3. Regulerte vassdrag 4. Sogn og Fjordane	Ansvarleg signatur  Eyvin Sølsnæs Fiskeforvaltar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane      Telefon      Telefaks  
 Miljøvernnavdelinga      57 65 50 00      57 65 50 55  
 5840 HERMANSVÆRK

## **Innhold:**

<b>1. Samandrag</b>	<b>1</b>
<b>2. Innleiing</b>	<b>3</b>
<b>3. Metodar</b>	<b>5</b>
<b>4. Matrevassdraget</b>	<b>7</b>
4.1. Vasskjemi/Plankton	7
4.2. Fridalsvatnet	9
4.3. Krokavatnet	12
4.4. Myrastølsvatnet	15
4.5. Stølsvatnet	18
<b>5. Viksvassdraget</b>	<b>21</b>
5.1. Vasskjemi/Plankton	21
5.2. Feiosdalsvatnet	24
5.3. Jashaugvatnet	27
5.4. Kvilesteinsvatnet	30
5.5. Muravatnet	33
5.6. Målsetvatnet	36
5.7. Skjelingavatnet	39
5.8. Årebotnvatnet	42
<b>6. Aurlandsvassdraga</b>	<b>45</b>
6.1. Vasskjemi/Plankton	45
6.2. Adamsvatnet/Langavatnet	48
6.3. Alvsvatnet	52
6.4. Aurdalsvatnet	55
6.5. Hednedalsvatnet	58
6.6. Nedre Berdalsvatnet	61
6.7. Nedre Grovjuvvatnet	64
6.8. Nedre Millomvatnet	67
6.9. Reppvatnet	68
6.10. Store Kreklevatnet	71
6.11. Svartevatnet	72
6.12. Vestredalsmagasinet	75
6.13. Vetlebotnvatnet	78
6.14. Viddalsmagasinet	81
6.15. Øyestølsvatnet	84
<b>7. Fortun-Grandfastavassdraga</b>	<b>87</b>
7.1. Vasskjemi/Plankton	87
7.2. Fivlemyrane	90
7.3. Gravdalsvatnet	91
7.4. Nedre Grønevatnet	94
7.5. Prestesteinsvatnet	97
7.6. Skålavatnet	100
7.7. Spile	103
7.8. Øvre Grønevatnet	106
7.9. Øvre Hervavatnet	109
<b>8. Litteratur</b>	<b>112</b>

## 1. Samandrag

Prosjektet har i 1995 gjennomført prøvefiske i fire område: Matrefjella (BKK), Vikafjellet (Statkraft), Aurlandsfjellet (Oslo Energi) og Fortun (Hydro Energi). Til saman vart 33 vatn/reguleringsmagasin prøvefiska (Tabell 1.1). Det vart også teke vassprøvar, og i ein del av vatna vart det teke planktonprøvar.

### Matrefjella

Fire vatn vart fiska. Krokavatnet hadde ein overtett bestand, dei andre hadde normalt tunne bestandar. Vasskjemien i området er dårlig, med låg pH og mykje labilt aluminium. I Fridalsvatnet kan det sjå ut som fiskebestanden er påverka av forsuring. Alle dei undersøkte vatna har låg bufferevn mot forsuring.

### Vikafjellet

Sju vatn vart fiska. Kvilesteinsvatnet har ein for tett bestand, dei andre har normalt tunne bestandar. Vasskjemien på Vikafjellet er bra, truleg er ingen av dei undersøkte vatna særleg påverka av forsuring.

### Aurlandsfjellet

Fjorten vatn vart fiska. Tre vatn (Vestredalsmagasinet, Viddalsmagasinet og Øyestølsvatnet) har truleg for tette bestandar. Store Kreklevatnet er mest fisketomt og Nedre Millomvatnet er truleg heilt fisketomt. Dei andre vatna har normalt tunne bestandar. Vasskjemien er bra, truleg er ingen av vatna særleg påverka av forsuring.

### Fortun

Åtte vatn vart fiska. Prestesteinsvatnet og Øvre Grønevatnet har for tunne bestandar, og Fivlemyrane er fisketomt. Dei resterande fem vatna har normalt tunne eller middels tette bestandar. Vasskjemien er bra, det er truleg ingen forsuringsproblem i dei undersøkte vatna.

**Tabell 1.1:** Oversikt over dei vatna som vart undersøkte i 1995. Tala for k-faktor og vekt er gjennomsnitt for totalfangsten i kvart vatn.

	Reg. høgd	pH	Antal garn	Fangst(n)	Fisk/garn	K-faktor	Vekt (g)
<b>BKK</b>							
Fridalsvatnet	28	5,1	9	19	2,1	0,95	127
Krokavatnet	52	5,2	12	120	10,0	1,04	69
Myrastølsvatnet	0	5,4	5	6	1,2	1,17	160
Stølsvatnet	24	5,2	12	30	2,5	1,01	158
<b>Statkraft</b>							
Feiosdalsvatnet	22	5,5	6	12	2,0	1,01	160
Jashaugvatnet	0	5,8	6	25	4,2	1,02	97
Kvilesteinsvatnet	25	6,0	10	40	4,0	0,99	119
Muravatnet	40	6,1	10	31	3,1	1,08	240
Målsetvatnet	33	5,9	8	12	1,5	0,98	98
Skjelingavatnet	22	5,7	8	22	2,8	1,02	80
Årebotnvatnet	11	5,9	7	12	1,7	1,08	126

**Tabell 1.1(Forts.)**

	Reg. høgd	pH	Antal garn	Fangst(n)	Fisk/garn	K-faktor	Vekt (g)
<b>Oslo Energi</b>							
Adams-/Langavatnet	20	6,1	12	56	4,7	1,02	182
Alvsvatnet	0	5,6	6	6	1,0	1,11	269
Aurdalsvatnet	0	6,5	6	23	3,8	1,01	134
Hednedalsvatnet	0	6,2	8	42	5,3	1,08	108
Nedre Berdalsvatnet	2	5,6	6	13	2,2	1,08	102
Nedre Grovjuvvatnet	0	6,0	6	24	4,0	1,03	164
Nedre Millomvatnet	21	5,4	6	0	0,0	-	-
Reppevatnet	15	5,7	6	25	4,2	1,02	116
Store Kreklevatnet	17	5,5	6	1	0,2	1,16	15
Svartevatnet	31	5,7	6	13	2,2	1,07	164
Vestredalsmagasinet	21	6,6	8	57	7,1	0,92	100
Vetlebotnvatnet	19	6,5	4	12	3,0	1,04	101
Viddalsmagasinet	62	6,2	11	87	7,9	0,93	132
Øystølsvatnet	0	6,5	4	22	5,5	0,94	95
<b>Hydro Energi</b>							
Fivlemyrane	10	-	7	0	-	-	-
Gravdalsvatnet	26	6,2	6	20	3,3	0,93	112
Nedre Grønevatnet	20	5,7	5	20	4,0	1,01	138
Prestesteinsvatnet	23	6,0	23	29	1,3	1,08	120
Skålavatnet	25	-	11	34	3,1	1,04	100
Spile	0	5,9	3	6	2,0	1,14	230
Øvre Grønevatnet	20	5,6	7	6	0,9	0,97	238
Øvre Hervavatnet	15	6,1	11	57	5,2	1,08	104

## **2. Innleiing**

For å kompensera for skade etter reguleringsinngrep er vassdragsregulantar i mange høve pålagt å setja ut fisk i reguleringsmagasin og påverka elvar, og det er gjennom dei fleste konsesjonane opna for at regulanten kan påleggjast å finansiera fiskeribiologiske granskinger. Det er naudsynt å følgja opp utsetningsverksemda med regelmessige prøvefiske (t.d. kvart 8 - 10 år), for å få evaluert desse utsetjingane. Dette er ytterlegare aktualisert gjennom omlegginga av kultiveringsverksemda dei siste åra, der ein har kome fram til at tiltak som styrkjer den naturlege rekrutteringa i fiskebestandane er ynskjeleg framfor utsetjing av fisk.

Prosjektet «Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane» har som hovudoppgåve å samordna fiskeribiologiske granskinger i reguleringsmagasin for dei 10 regulantane som er med prosjektet. Dette er eit alternativ til å gå inn med enkeltpålegg om fiskeribiologiske granskinger for kvart vatn som skal granskast.

Den overordna målsetjinga med prosjektet er å få evaluert eksisterande utsetjingspålegg for innlandsfisk i Sogn og Fjordane. Ein skal vurdera om dei er naudsante for å oppretthalda fiskebestandane, eller om det kan vera aktuelt å kompensera med tiltak som betrar den naturlege rekrutteringa. Det er vidare eit mål for prosjektet å få oppdatert statusoversikt over nokre regulerte vatn der ein i dag ikkje set ut fisk, for å kunne vurdera om det er naudsynt å setja i verk tiltak. Dersom det er ledig kapasitet i prosjektet kan det i lakse- og sjøaureførande vassdrag utførast boniteringsarbeid for å kartleggja mogleg produksjonspotensiale for laks og sjøaure på strekningar der ein i dag berre finn innlandsfisk.

I denne rapporten vert resultat frå granskingane i 1995 presentert. Det vart prøvefiska i fire vassdrag/reguleringsområde: Matrevassdraget (BKK), Vikfalli (Statkraft), Aurlandsvassdraget (Oslo Energi) og Fortun-Grandfastavassdraga (Hydro Energi). Til saman vart 33 vatn undersøkte.

### **2.1 Tilhøve for auren i fjellet**

Tilhøva i vatn i høgfjellet skil seg på fleire vis frå det ein finn i lågare strok, særleg når det gjeld vekst og rekruttering.

#### *Vekst*

Ein reknar at auren treng vasstemperaturar over  $4^{\circ}\text{C}$  for å kunna ta til seg og fordøya mat. Er temperaturen lågare enn dette vil auren gå over til eit liv på «sparebluss», der aktivitet og stoffskifte går sterkt ned. I høgfjellet kan antalet døgn med vasstemperaturar over  $4^{\circ}\text{C}$  vera relativt få, alt etter høgd over havet og lokalgeografisk plassering (nær brear, i område med svært sein snøsmelting, osb.). Dei aller fleste høgfjellsvatn er også svært næringsfattige, med kortvarige «overflodsperiodar» i samband med oppbløming av plankton og høg tettleik av særleg fjørmygglarvar. I desse periodane vil auren ha svært gode veksttilhøve, men vil så ganske raskt vera attende på «sparebluss». Resultatet er at årleg tilvekst vanlegvis er noko lågare enn i låglandet der auren har lengre vekstssesong. Det er vanleg å samanlikna årleg tilvekst med ei teoretisk normalvekstkurve som føreset ein årleg tilvekst hjå aure på 5 cm. Denne teoretiske kurva er basert på låglandstilhøve og ein skal såleis ikkje venta slik tilvekst i høgfjellsvatn, 4 cm årleg tilvekst vil vera bra her.

### *Rekruttering*

Naturleg rekruttering er ofte avgrensa i høgfjellet, av fleire årsaker. Dei fleste høgfjellsvatn har relativt begrensa nedslagsfelt, noko som fører til at særleg innløpsbekkane vert få og små. Dei viktigaste gyteområda i fjellvatn er såleis ofte i utløpsosen, der det er størst sjanse for stabil vassføring gjennom vinteren. Ved regulering inneber dette at dei beste gyteområda ofte havnar under eller nedanfor demningane. Vinterstid kjem nedbøren som snø og med lite tilsig frå grunnen, vil bekkane i høgfjellet tørka opp og i mange tilfelle frysia til så telen slår ned i elvebotnen. Aureegg kan overleva ei god stund over vasspegelen dersom dei er omgjevne av fuktig damp, men dersom det tørkar ut eller frys har ikkje egga ein sjanse. Ein må rekna at mykje av produksjonen kan gå tapt enkelte år. Ved regulering av vatn i høgfjellet får ein forsterka denne effekten. Mange av bekkane vert også gjort utilgjengelege for gyting p.g.a. vasstanden i vatnet, gytefisken kjem seg ikkje forbi den bratte strandlinja som er typisk for eit regulert vatn. Ein del av bekkane, både til det regulerte vatnet men også til vatn med tilsig frå det regulerte vatnet, vil få enno mindre vassføring og i mange tilfelle tørka ut fleire gonger for året. Regelen vil såleis vera at i regulerte høgfjellsvatn finn det stad lite eller ingen naturleg rekruttering. Innsjøgyting vil sjølvsagt vera mogeleg i eit regulermagasin, men etter det ein veit er innsjøgyting sjeldsynt. Fenomenet er dårlig kartlagt, men ettersom det først og fremst er rekruttering som er begrensande i fjellet skulle ein forventa å kunna påvisa vatn med innsjøgyting ved at bestanden er tett.

### *Kva er normal bestandstettleik?*

I dei fleste vatn der gytetilhøva er gode vil bestanden av fisk vera tett dersom han ikkje vert regulert ved fiske. Dette gjeld vatn både i låglandet og høgfjellet, men i høgfjellet er det oftere vanskelege gytetilhøve og dermed er det mykje vanlegare å ha tunne bestandar i fjellvatn. Når me seinare i denne rapporten refererer til ein bestand som tunn, vil det vera ein forventa normalsituasjon for vatnet dersom ikkje noko anna vert presisert.

### 3. Metodar

Vassprøvane er sende til Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) sitt vasskjemiske laboratorium for analyse av følgjande parametrar: pH, alkalitet, leiringsevne, turbiditet, farge, kalsium, aluminium (tot. syrereaktiv Al, tot. monomert Al, org. monomert Al, uorg. monomert Al og polymert/kolloidal Al).

I ein del av vatna vart det målt siktetdjup v.h.a. ei standard sikteskive (kvit, 25 mm i diameter) og teke tre vertikale plankontrekk frå det doble siktedjupet til overflata ved hjelp av ein planktonhåv med diameter 30cm og maskevidde 90 $\mu$ . Dersom totaldjup var mindre enn det doble siktedjupet vart trekket teke i heile vassøyla frå nær botnen til overflata. Prøvane vart konservert på etanol for oppgjering i lab, og resultata vert presenterte som antal dyr av dei einskilde gruppene per m<sup>2</sup> overflate. Dette gjev eit samanlikningsgrunnlag for vurdering av mattilgangen for fisk i dei ulike vatna.

Prøvefiske med botngarn er utført med seksjonerte oversiktsgarn (30 m \* 1,5 m), som gjerne vert kalla NORDISK Serie. Kvart garn inneheld 12 ulike maskevidder som er tilfeldig plassert på garnet, og kvar maskevidde er representert med 2,5 m seksjonar: 5,0 - 6,3 - 8,0 - 10,0 - 12,5 - 16,0 - 19,5 - 24,0 - 29,0 - 35,0 - 43,0 - 55,0 mm.

Til ungfiskgransking i elv vart det nytta elektrisk fiskeapparat (Ing. S. Paulsen, Trondheim). El-fiske vart utført i bekkar/elvar der det kunne tenkast å førekoma naturleg rekruttering.

All fisk er lengdemålt til nærmeste mm frå snutespiss til ytterste flik av halefinna, vekta er målt til nærmeste gram. Kondisjonsfaktor er rekna ut etter formelen  $K=(vekt\ i\ gram)\ *100/(lengde\ i\ cm)^3$ . For aure kan ein grovt sei at ein kondisjonsfaktor på 1,0 er middels, mager fisk har lågare verdi og feit fisk høgare verdi. Verdiar mellom 0,95 og 1,05 er rekna å vera normale.

Skjell teke langs sidelina mellom ryggfinna og feittfinna er nytta til aldersavlesing og attenderekning av vekst etter metoden til Lea-Dahl (Borgstrøm & Hansen 1987). Når alderen er gjeve med (+) etter, fortel dette at fisken har hatt eller har starta på ein vekstseson meir enn alderen tilseier. Dette er tilfelle for fisk fanga om sommaren eller hausten. Den attenderekna lengdeveksten vert vist kumulativt (fiskelengd for kvart år) og samanlikna med ei teoretisk «normalkurve» som baserer seg på ein årleg vekst på fem centimeter. Skjellavlesinga er gjort av Liv Elisabeth Ryen Svergja, Kvikne.

Fisken vart kjønnsbestemt, og mogningsstadiet vart gradert i skala 1-7 (Dahl 1917). Fisk i stadium 1 og 2 er umogne, 3-6 er ulike stadier av kjønnsmogning, og 7 er utgytt. Kjøttfargen er klassifisert som kvit, lysraud og raud (talkode 1, 2 og 3 i tabellar).

Magefylling er gradert i skala frå 0 - 5, der 0 er tom og 5 er full fiskemage. Frå eit tilfeldig utval fisk vart mageinnhaldet fiksert på etanol, og seinare grovsortert i grupper på laboratoriet. Resultata vert presentert i tabellar i lokalitetskapitla (1.1 - 1.21). Prosentverdiane i tabellane er ikkje nøyaktige, men estimat og bør sjåast som ein indikasjon på fordeling i mageinnhaldet (t.d: 98% av ei gruppe indikerer at gruppa er totalt dominerande, 1% av ei gruppe tyder at det er funne representantar for gruppa i magen, men heller ikkje meir). Kolonna til høgre (%) viser kor mykje kvar gruppe utgjer av alle mageprøvane, og er såleis ein indikator på kor viktig gruppa er for fiskesamfunnet.

## 4. Matrevassdraget

**Regulant: BKK**

Matrereguleringane omfattar vassdrag både i Høyanger kommune i Sogn og Fjordane og Masfjorden kommune i Hordaland. Vatna på sognesida ligg relativt lågt, mellom 500 og 700 m.o.h. I den delen av Matrereguleringane som ligg i Sogn og Fjordane vart det prøvefiska fire vatn i den sørvestre delen av Høyanger kommune: Myrastølsvatnet (Myrastølsvassdraget), Stølsvatnet (Austerbøvassdraget), Fridalsvatnet (Førdevassdraget) og Krokavatnet (Matrevassdraget) (Figur 4.1). Alle vatna er overførde til Matrevassdraget i Hordaland. Ei oversikt over UTM-koordinatar, regulering og utsetjingspålegg er gjeve i tabell 4.1.

**Tabell 4.1:** Oversikt over vatn i Matrevassdraget som vart prøvefiska i 1995. Opplysingane er henta frå Sølsnæs & Langåker (1993) og Vassdragsregisteret.

Lokalitet	UTM-koord.	M.o.h. (Hrv)	Reg. høgd (m)	Areal (ha) HRV/LRV	Uts. pålegg
Fridalsvatnet	LN 259 677	685	28	?/? (121)	700 villaure
Krokavatnet	LN 222 648	597	52	?/? (212)	1000 villaure
Myrastølsvatnet	LN 204 712	564	0	?/? (25)	eller 1000 2-somrig
Stølsvatnet	LN 225 710	557	24	?/? (369)	400 villaure
					1800 2-somrig
					eller 6000 1-somrig

### 4.1 Vasskjemi/Plankton

Det vart ikkje teke vertikale plankontrekk i nokon av dei fire vatna som vart prøvefiska.

#### Vasskjemi


Området der dei undersøkte vatna ligg er av dei mest forsuringssårbar i Sogn og Fjordane, og alle fire vatna er påverka av forsuring. pH-verdiane ligg mellom 5,1 og 5,4, leidningsevna er høg, alkalitet og kalsium-konsetrasjonane er låge, og nivået av labilt aluminium (UM-Al) er relativt høgt (Tabell 4.1.1). Til saman gjev dette eit bilet av system som er svært sårbare for forsuring og har låg bufferefne. Myrastølsvatnet skil seg litt ut ved å ha høgare pH og mindre labilt aluminium enn dei andre tre, men også dette vatnet er utsett, ettersom bufferefne er svært dårlig.

**Tabell 4.1.1:** Oversikt over vasskjemiske data for dei undersøkte vatna.

Lokalitet	pH	Farge (mg Pt/l)	Kond.-25 (µS/cm)	Alk.* (µekv/l)	Ca (mg/l)	TM-Al (µg/l)	UM-Al (µg/l)
Fridalsvatnet	5,1	1	17,7	0	0,23	36	29
Krokavatnet	5,2	2	18,0	0	0,26	35	28
Myrastølsvatnet	5,4	6	9,1	0	0,11	20	10
Stølsvatnet	5,2	3	18,9	0	0,26	40	30

\* Korr. Henriksen

# MATREVASSDRAGET



Figur 4:1: Oversikt over delar av området for Matrereguleringane og plassering av dei fire vatna som vart prøvefiska. 1: Fridalsvatnet, 2: Krokavatnet, 3: Myrastvatnet, 4: Støsvatnet.

## 4.2 Fridalsvatnet

Kommune: Høyanger

Kartref: (ED50) UTM LN 259 677 (325975 6767750)

Vassdrag: Førdevassdraget

Vassdragsnr./Innsjønr.: 069.7BB/1454

H.o.h (HRV): 685 m

Reguleringshøgd: 29 m

Areal (HRV/LRV): 140/66 ha

Regulant: BKK

Første gong regulert: 1976

Pålegg: 700 villaure av spesifisert stamme


Siste gong undersøkt: 1981

Antal garn/fangst: 9/19

### Resultat

Storleiken på aurane i fangsten var mellom 18 og 32 cm, dei fleste var mellom 18 og 25 cm (Figur 4.2.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 22,7 cm og 127 g.


Kondisjonen til fisken i Fridalsvatnet varierer. Gjennomsnittleg k-faktor var  $0,95 \pm 0,08$  (0,81-1,08), fire aurar hadde k-faktor under 0,90, medan to fiskar hadde k-faktor over 1,05. Dei fleste av fiskane var kvite i kjøtet, tre var lyseraud, og berre to var raud. Femten av 19 aurar (79%) var kjønnsmogne, seks hoer og ni hannar. Yngste kjønnsmogne fisk, både hann og ho, var fire år. Ei åtte år gammal ho var andregongsgytar.




Figur 4.2.1: Lengdefordeling av aure fanga i Fridalsvatnet 15/7-95 (n =19).

Det er ein stor dominans av 4-åringar i fangsten, alderen på fisken er mellom 4 og 8 år (Figur 4.2.2). Fråveret av yngre fisk i fangsten skuldast sannsynlegvis at det i 1994 vart sett ut berre 400 fisk (pålegg: 700) og at det i 1995 ikkje vart sett ut fisk i det heile, grunna problem med å


få tak i villfisk. Årsaka til det skeive tilhøvet mellom fire år gammal fisk og dei eldre årgangane er uviss, men det kan skuldast därleg overleving ved utsetjingar.



Figur 4.2.2: Aldersfordeling av aure fanga i Fridalsvatnet 15/7-95 (n = 19).



Figur 4.2.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Fridalsvatnet 15/7-95 (n = 17). Broten linje: «normalkurve».



Figur 4.2.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Fridalsvatnet 15/7-95 (n = 17)

Veksten avtek med alder, snittvekst går jamt ned frå omlag 4,5 cm første året til under 3 cm det åttande året (Figur 4.2.3). Som vist i figur 4.2.4 er det ingen markante skilnader i vekst mellom dei einskilde årsklassane. Veksten er noko dårligare enn det ein skulle venta, utfrå at Fridalsvatnet ikkje ligg meir enn 685 m.o.h. og såleis skulle ha tilstrekkeleg lang vekstsesceng til å liggja nærmere «normalvekstkurva» i figur 4.2.3 og 4. Ei mogeleg forklaring på dette er forsuring. Fridalsvatnet er sterkt forsuringspåverka, pH var heilt nede i 5,1 då prøvefisket vart ført. Det er kjent at stress med årsak i forsuring kan føra til dårlig vekst, sannsynlegvis på grunn av at fisken har lågare aktivitet.

Mageprøvane viste ein sterk dominans av fjørmygglarvar (Tabell 4.2.1). Dei fleste hadde god magefyllingsgrad på tre eller fire (gj.sn: 3,2).

**Tabell 4.2.1:** Mageinnhald hjá 12 av fiskane som vart fanga i Fridalsvatnet 15/7-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr												%
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	
<b>Overflatedyr</b>													
Flygande insekter	1					30					2		2,8
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	70	100		60	100	70	100	100	100	95	98		82,8
Vårfløgelarvar (Trichoptera)			80									2	6,8
Døgnflogelarvar (Ephemeroptera)												3	0,3
Billelarvar		4			40								3,7
Vasskalvar	25		20										3,8

## Vurdering

### Førre undersøkjing

Det vart ikkje fanga fisk korkje ved undersøkjingane i 1965 eller 1981 (Nilsen, 1982)

### Denne undersøkjinga

Aurebestanden i Fridalsvatnet i 1995 er ikkje overtallig, men både kondisjon og vekst er dårligare enn det ein skulle venta. Forsuringstilstanden i vatnet er slik at det sannsynlegvis påverkar auren negativt og det kan forklara situasjonen. Men samanliknar ein Fridalsvatnet og Krokkvatnet (Kapittel 4.3) så ser ein at vasskjemiene er svært lik (Tabell 4.1.1) medan bestandane er ulike. I Krokkvatnet er bestanden tett, med god kondisjon og normal vekst. Dette inneber at forsuring som forklaring på tilstanden i Fridalsvatnet i så fall må skuldast parametrar me ikkje har undersøkt eller at årsvariasjonar i vasskjemi slår ulikt ut i dei to vatna. Potensiale for naturleg rekruttering vart ikkje kartlagt, men fråværet av dei årsklassane som ikkje vart sett ut (Figur 4.2.2) viser at det i beste fall er svært begrensa naturleg rekruttering. Strandsona er bratt og det er lite truleg at potensialet for naturleg rekruttering er særleg stort. Ein framtidig aurebestand i Fridalsvatnet vil måtta basera seg på utsetjingar.

### 4.3 Krokavatnet

Kommune: Høyanger

Kartref. (ED50) UTM LN 222 648 (22200 6764850)

Vassdrag: Matrevassdraget

Vassdragsnr./Innsjønr.: 067.3DB1/2141

H.o.h (HRV): 597 m

Reguleringshøgd: 52 m

Areal (HRV/LRV): 276/79 ha

Regulant: BKK

Første gong regulert: 1964

Pålegg: 1000 2-somrig aure eller villaure


Siste gong undersøkt: 1981

Antal garn/fangst: 12/120

### Resultat

Fiskane i fangsten var mellom 8 og 30 cm, gjennomsnittleg lengd og vekt var 17,8 cm og 69 g (Figur 4.3.1).


Auren i Krokavatnet er i god form, gjennomsnittleg k-faktor var  $1,04 \pm 0,06$  (0,91-1,24). Alle fiskane var kvite i kjøtet. Av dei 120 fiskane var 83 kjønnsmogne (69%), 55 hannar og 28 hoer. Yngste kjønnsmogne hann var to år, yngste hoa var tre år. Ni hoer og ein hann var andre-gongsgytarar.




Figur 4.3.1: Lengdefordeling av aure fanga i Krokavatnet 12/7-95 (n = 120).

Bestanden i Krokavatnet er ung. Alderen i materialet er mellom eitt og fem år, dei fleste er to til fire år (Figur 4.3.2.). Det tykkjest vera god eigenrekuttering. På bakgrunn av dette vart det her ikkje sett ut fisk i 1995.


Veksten er god, kurva ligg tett opp til «normalvekstkurva» (Figur 4.3.3) og det er liten variasjon mellom årsklassane (Figur 4.3.4)



Figur 4.3.2: Aldersfordeling av aure fanga i Krokavatnet 12/7-95 ( $n = 60$ ).



Figur 4.3.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Krokavatnet 12/7-95 ( $n = 60$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 4.3.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Krokavatnet 12/7-95 ( $n = 60$ )

Dietten i Krokavatnet består mest utelukkande av fjørmygg, over 95% av mageinnhaldet til dei 12 fiskane som vart undersøkt var fjørmygglarvar og -pupper (Tabell 4.3.1). Gjennomsnittleg magefyllingsgrad var 2,67.

**Tabell 4.3.1:** Mageinnhald hjå 12 av fiskane som vart fanga i Krokavatnet 12/7-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr											%	
	1	2	3	4	9	22	83	89	92	94	106	108	
<b>Overflatedyr</b>													
Svermande maur			3		5						10		1,5
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	100	95	95	95	95	70	60	100	100	100	90	100	91,7
Fjørmyggupper				1			30	10					3,4
Vårflógelarvar (Trichoptera)			5					30					2,9
Steinflóger (Plecoptera), larvar				1	5								0,5

## Vurdering

### *Førre undersøkjing*

I 1981 var fiskebestanden tunn, kondisjonen var god og dietten var variert og bar preg av at vatnet var surt.

### *Denne undersøkjinga*

Bestanden i Krokavatnet er no tett, men korkje vekst eller kondisjon tyder på at det er ein overtett bestand. Potensialet for naturleg rekruttering vart ikkje kartlagt, men fangstane indikerer at det er god eigenrekruttering i vatnet og det skulle ikkje vera naudsynt med utsetjingar her. Skilnaden mellom Krokavatnet og Fridalsvatnet (Kapittel 4.2) er påfallande. Dei vasskjemiske tilhøva er nær dei same i både vatna, men det ser ikkje ut til aurebestanden i Krokavatnet er påverka i særleg grad.

## 4.4 Myrastølsvatnet

*Kommune:* Høyanger

*Kartref.:* (ED50) UTM LN 204 712 (320450 6771200)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 069.51C/1452

*Vassdrag:* Myrastølsvassdraget

*H.o.h:* 564 m (uregulert)

*Areal:* 25 ha

*Regulant:* BKK

*Pålegg:* 400 villaure av spesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 5/6


### Resultat

Dei seks aurane me fekk deler seg inn i tre lengdegrupper, 17, 22 og 30-31 cm (Figur 4.4.1). Desse representerer tre aldersgrupper, 2+, 3+ og 4+ (Figur 4.4.2). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 22,1 cm og 160 g. Veksten er svært god, i overkant av kurva for normalvekst (Figur 4.4.3). Dei to eldste fiskane hadde hatt ein vekstauke det siste året (Figur 4.4.4).


Dei fiskane me fekk var i svært god form, Gjennomsnittleg k-faktor var  $1,17 \pm 0,06$  (1,07-1,23). Alle fiskane var hoer, dei to fire-åringane var rauda i kjøtet, men berre den eine var kjønnsmogen.




Figur 4.4.1: Lengdefordeling av aure fanga i Myrastølsvatnet 14/7-95 (n = 6).



**Figur 4.4.2:** Aldersfordeling av aure fanga i Myrastølsvatnet 14/7-95 ( $n = 6$ ).



**Figur 4.4.3:** Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Myrastølsvatnet 14/7-95 ( $n = 6$ ). Broten linje: «normalkurve».



**Figur 4.4.4:** Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Myrastølsvatnet 14/7-95 ( $n = 6$ )

Ein av fiskane hadde ete overflateinsekt og buksymjarar, dei andre hadde ete vårløge- og døgnfløgelarvar (Tabell 4.4.1). Magefyllingsgrad varierte frå ein til fire, gjennomsnittet var 2,5.

**Tabell 4.4.1:** Mageinnhald hjå fem av fiskane som vart fanga i Myrastølsvatnet 14/7-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr					%
	1	2	3	4	6	
<b>Overflatedyr</b>						
Flygande insekter					70	<b>14,0</b>
<b>Botndyr</b>						
Vårløgelarvar (Trichoptera)	10	70	70	20		<b>34,0</b>
Døgnflogelarvar (Ephemeroptera)	90	30	30	80		<b>46,0</b>
Buksymjarar (Corixidae)					30	<b>6,0</b>

## Vurdering

### *Førre undersøkjing*

I 1981 var bestanden tynn, fiskane som vart fanga hadde god vekst og kondisjon. Innløpselva frå sør hadde gode gyteplassar, men vatnet var så surt ( $\text{pH} = 5,2$ ) at det vart rekna å vera hemmende på reproduksjonen.

### *Denne undersøkjingga*

Fiskebestanden i Myrastølsvatnet er no svært tynn, særleg med omsyn til at vatnet ligg berre 564 m.o.h. Dei fiskane me fekk hadde svært god vekst og kondisjon og viser at tilhøva er gode og at bestanden er så tynn at det godt kunne vere sett ut meir fisk. Lokale fiskarar meiner at Myrastølsvatnet mest har vorte tømt for fisk grunna hardt garnfiske og dette kan i så fall vera forklaringa på den tunne bestanden.

## 4.5 Stølsvatnet

*Kommune:* Høyanger

*Kartref.* (ED50) UTM LN 225 710 (322525 6771050)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 069.5B/1449

*Vassdrag:* Austerbøvassdraget

*H.o.h (HRV):* 557 m

*Reguleringshøgd:* 24 m

*Areal (HRV/LRV):* 372/100 ha

*Regulant:* BKK

*Første gong regulert:* 1971

*Pålegg:* 1800 2-somrig eller 6000 1-somrig aure

*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 12/30

### Resultat


Fisken var mellom 12 og 32 cm, tyngda i lengdefordelinga er mellom 21 og 30 cm (Figur 4.5.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 24,2 cm og 158 g. Gjennomsnittleg k-faktor var  $1,01 \pm 0,6$  (0,90-1,14), så fisken er i normalt bra form.

Nitten av fiskane var raude i kjøtet, 5 var lyserauda, medan 8 var kvite. Elleve av dei 13 hanane i fangsten var kjønnsmogne, berre sju av dei 17 hoene. Ei av hoene var andregongsgyta. Yngste kjønnsmogne hann var to år, yngste hoa var fire år.


Det er sterk dominans av fireåringar i fangsten, berre tre av 30 fisk var eldre enn fire år og eldste fisken var seks år. Regulanter har av praktiske årsaker ikkje lukkast følgja opp utsetjingspålegget dei seinare åra, noko som forklarer det låge talet yngre fisk i fangsten. Fireåringane i 1995 kom sannsynlegvis frå den siste store utsetjinga. At det er så lite eldre fisk kan skuldast hardt garnfiske, utan at me har opplysingar om dette.

Veksten til fisken i Stølsvatnet er svært god, med gjennomsnittleg årleg tilvekst dei første leveåra på oppimot seks cm (Figur 4.5.3). Det er tilsynelatande stagnert vekst ved omlag 25 cm, men figur 4.5.4 viser at dette ikkje er reelt. Dei yngste årsklassane har alle god vekst og knekkene i kurva skuldast at den eine seksåringen me fanga hadde hatt ein jamt svakare vekst etter to års alder.


Dietten til dei 11 fiskane som vart undersøkte for mageinnhald er ganske variert, med dominans av vårfloigelarvar og flygande insekt (Tabell 4.5.1). Gjennomsnittleg fyllingsgrad var 2,5.




Figur 4.5.1: Lengdefordeling av aure fanga i Stølsvatnet 11/7-95 (n = 30 ).



Figur 4.5.2: Aldersfordeling av aure fanga i Stølsvatnet 11/7-95 (n =30 ).



Figur 4.5.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Stølsvatnet 11/7-95 (n =30 ). Brotten linje: «normalkurve».



**Figur 4.5.4:** Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Stølsvatnet 11/7-95 (n = 30 ).

**Tabell 4.5.1:** Mageinnhald hjå 11 av dei fiskane som vart fanga i Stølsvatnet 11/7-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr											%
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	
<b>Overflatedyr</b>												
Svermande maur			40	80	40				30			17,3
Flygande insekter	10		10	5		50		60	20	60	40	23,2
<b>Botndyr</b>												
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	20	5										2,3
Fjørmyggupper		5										0,5
Vårfløgelarvar (Trichoptera)	70	80		15	10	50	50	40	20	40	40	37,7
Døgnflogelarvar (Ephemeroptera)				30		50		30				10,0
Vasskalvar	10	20		20						20		6,4
Buksymjarar (Corixidae)		30										2,7
Plantemateriale												6,4

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1981 var bestanden tunn, fiskane som vart fanga hadde svært god vekst og kondisjon. Bestandstettleiken hadde gått ned sidan prøvefisket i 1965, og dette vart tilskrive neddemde gytbekkar og/eller forsuring (pH = 5,2):

### Denne undersøkjinga

K-faktor, kjøtfarge og vekstmønster indikerer at det står bra til med fisken i Stølsvatnet. Bestanden er noko tunn og det kunne godt vore høgare fisketettleik i vatnet. Det er per dato ein relativt stor manko på utsett fisk i høve til pålegget. Dette har praktiske årsaker, og når utsetjingane kjem attende til sitt normale vil truleg bestanden nå eit høveleg tettleiksnivå. Det kan sjå ut som det er eit visst potensiale for naturleg rekruttering i ein av innløpsbekkane, men bidraget vil i beste fall vera beskjedent og framtidige utsetjingar må til.

## 5. Viksvassdraget

**Regulant: STATKRAFT**

Viksvassdraget har eit naturleg nedslagsfelt på 119 km<sup>2</sup>, 76 km<sup>2</sup> ligg over 900 m.o.h. Regulerte og overførte vatn ligg mellom 800 og 1200 m.o.h. (Figur 5.1). Delar av Arnafjordvassdraget og Nærøydalsvassdraget er overført til Viksvassdraget.

Tabell 5.1 viser ei oversikt over dei vatna som vart undersøkte ved prøvefiske i 1995. Jashaugvatnet er ikkje regulert, men hovudinnløpselva er ført bort via bekkeinntak og overføring av Feiosdalsvatnet til Vikfalli, og dette er kompensert ved utsetjingspålegg. I tillegg til dei seks vatna med utsetjingspålegg vart det prøvefiska i Målsetvatnet.

**Tabell 5.1:** Oversikt over vatn i Viksvassdraget som vart prøvefiska i 1995 Opplysingane er henta fra Bjerknes & Lingaas (1992), Sølsnæs & Langåker (1993) og Vassdragsregisteret.

Magasin	UTM-koord.	M.o.h. (Hrv)	Reg. høgd (m)	Areal (ha) HRV/LRV	Uts. pålegg
Feiosdalsvatnet	LN 770 642	1077	22	126/110?	1000
Jashaugvatnet	LN 777 632	953	0	10?	500
Kvilesteinsvatnet	LN 559 581	923	25	353?	3000
Muravatnet	LN 691 624	1060	40	258?	2000
Målsetvatnet	LN 653 644	863	33	101/40?	0
Skjelingavatnet	LN 631 604	980	22	115?	1000
Årebotnvatnet	LN 678 621	995	11	?	400

### 5.1 Vasskjemi/Plankton

#### *Vasskjemi*

Vasskjemien på Vikafjellet er ikkje avgjerande for fiskebestandane i dei vatna som er med i denne undersøkjinga (Tabell 5.1.1). pH-verdiane ligg mellom 5,5 og 6,1 og mengdene labilt aluminium er svært låge. Vatna ser ut til å ha bra bufferevne andsynes sure episodar, og det er lite truleg at fisken er påverka av forsuring. Dette gjeld også dei fire elvane som vart undersøkte.

#### *Plankton*

Planktonsamfunnet er fattig i dei fleste vatna. Tettleiken er heller låg og det er lite som er høgverdig mat for aure. Vasslopper, det mest attraktive bytedyret, vart berre funne i Kvilesteinsvatnet og Årebotnvatnet (Tabell 5.1.2). Desse vatna var også dei einaste der vasslopper vart funne i mageprøvane til auren. Hoppekrepss, som er eit lite attraktivt næringsdyr for aure, var dominerande i dei fleste vatna.

**Tabell 5.1.1:** Oversikt over vasskjemiske data for dei undersøkte vatna i Viksvassdraget og i fire elvar.


Lokalitet	pH	Farge (mg Pt/l)	Kond.-25 (µS/cm)	Alk.* (µekv/l)	Ca (mg/l)	TM-AI (µg/l)	UM-AI (µg/l)
Feiosdalsvatn	5,5	0	8,1	0	0,32	6	1
Jashaugsvatn	5,8	1	5,2	7	0,24	4	1
Kvilesteinsvatn	6,0	1	12,1	23	0,68	4	1
Målsetvatn	6,1	2	9,6	21	0,57	2	0
Årebotnvatn	5,9	3	6,8	20	0,33	2	0
Muravatn	5,7	1	9,9	7	0,42	6	4
Skjelingavatn	5,9	1	8,4	16	0,54	1	0

\* Korr. Henriksen



**Tabell 5.1.2:** Resultat av vertikale plankontrekk i vatn på Vikafjellet 31/7-10/8 1995. Prøvane er tekne frå det doble siktedjupet til overflata. Der totaldjupet er mindre enn dette vart prøvane tekne i heile vassøya.

	Feiosdals- vatnet	Jashaug- vatnet	Kvilesteins- vatnet	Mura- vatnet	Målset- vatnet	Skjelinga- vatnet	Årebotn- vatnet
Siktedjup (m)	6	12	15	9	11	11	11
Prøvedjup (m)	12	10	25	18	22	21	10
Plankton (n/m <sup>2</sup> overflate)							
<b>Vasslopper</b>							
<i>Bosmina longispina</i>	316	0	3130	3524	175	1262	105
<i>Holopedium gibberum</i>	0	0	0	0	614	0	1157
<i>Daphnia sp.</i>	0	0	368	0	0	0	1525
<b>Hoppekrepss</b>							
Cyclopoide	552	421	3958	16201	4909	15622	13308
Totalt antal individ per m <sup>2</sup>	868	421	7456	19725	5698	16885	16096

# VIKSVASSDRAGET



## Teiknforklaring



Figur 5.1: Oversikt over området for Vikafjellsreguleringane og plassering av dei sju vatna som vart prøvefiska. 1: Feiosdalsvatnet, 2: Jashaugvatnet, 3: Kvilesteinsvatnet, 4: Muravatnet, 5: Måsevatnet, 6: Skjelingavatnet, 7: Skjelingavatnet.

## 5.2 Feiosdalsvatnet

*Kommune:* Vik

*Kartref:* (ED50) UTM LN 770 642 (377000 6764200)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 071.AD/1496

*Vassdrag:* Jordalselva

*H.o.h (HRV):* 1073 m

*Reguleringshøgd:* 22 m

*Areal (HRV/LRV):* ?? ha

*Regulant:* Statkraft

*Første gong regulert:* 19??

*Pålegg:* 1000 1-somrig aure av uspesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1979

*Antal garn/fangst:* 6/12

### Resultat


Lengdene på fiskane varierer fra 15 til 32 cm (Figur 5.2.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 24,1 cm og 160 g. Alderen varierer fra tre til sju år (Figur 5.2.2). Det er eit stort overlapp i lengdefordeling mellom årsklassane.

Fisken ser ut til å vera i normalt bra form, gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $1,01 \pm 0,07$  (0,86-1,14). Seks av fiskane var kvite i kjøtet, to var lysraude og fire var raude. Ni fiskar (75%) var kjønnsmogne, alle hannar. Den yngste kjønnsmogne hannen var fire år.




Figur 5.2.1: Lengdefordeling av aure fanga i Feiosdalsvatnet 9/9-95 ( $n = 12$ ).


Veksten er normal for høgfjellsbestandar. Den avtakande veksten indikert i Figur 5.2.3 skuldast at dei to eldste årsklassane har hatt dårligare vekst enn dei andre (Figur 5.2.4).



Figur 5.2.2: Aldersfordeling av aure fanga i Feiosdalsvatnet 9/9-95 (n = 12).



Figur 5.2.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Feiosdalsvatnet 9/9-95 (n = 12). Broten linje: «normalkurve».



Figur 5.2.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Feiosdalsvatnet 9/9-95 (n = 12).

Dietten i Feiosdalsvatnet er dominert av fjørmygglarvar og -pupper og i tillegg var det ete ein del overflateinsekt (Tabell 5.2.1). Gjennomsnittleg fyllingsgrad var 2,67.

**Tabell 5.2.1:** Mageinnhald hjå 12 av fiskane som vart fanga i Feiosdalsvatnet 9/9-95. Dei ulike fødeemna er angjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr												%
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	
<b>Overflededyr</b>													
Flygande insekter	40	50					10						8,3
													0,0
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	55	50	100	80	100	100	60	100	100	100	100	100	87,1
Fjørmyggupper					20			30					4,2
Diptera (fløger o.l.), pupper			5										0,4

## Vurdering

### *Førre undersøkjing*

Ved prøgefisket i 1979 vart det ikkje fanga fisk, og vatnet vart vurdert å vera nær eller heilt fisketomt. Vatnet er sterkt brepåverka.

### *Denne undersøkjinga*

Det ser no ut til å vera ein normalt tunn bestand av aure som har god kondisjon og bra vekst i Feiosdalsvatnet. Fisketettleiken er truleg høveleg for vatnet.

Innløpselva er grov og stri og lite eigna for gyting og oppvekst. Det vil vera naudsynt med utsetjing av aure også i framtida.

### 5.3 Jashaugvatnet

*Kommune:* Vik

*Kartref:* (ED50) UTM LN 777 632 (377731 6763252)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 071.AC11/27119

*Vassdrag:* Jordalsvassdraget

*H.o.h:* 953m

*Areal:* 10 ha (uregulert, ind. påverka v/ red. gj. strøyming)

*Regulant:* Statkraft

*Pålegg:* 500 1-somrig aure av uspesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1979

*Antal garn/fangst:* 6/25

### Resultat


Lengdene på fiskane varierer frå 14 til 30 cm (Figur 5.3.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 20,4 cm og 97 g. Alderen varierer frå to til sju år og det er flest to- til femåringar (Figur 5.3.2). Det er eit relativt stort overlapp i lengdefordeling mellom årsklassane.

Fisken ser ut til å vera i bra form, gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $1,02 \pm 0,06$  (0,92-1,15). Tjue av fiskane var kvite i kjøtet, ein var lyseraud og ein var raud. Sju fiskar (28%) var kjønnsmogne, tre hoer og fire hannar. Dei yngste kjønnsmogne var tre år, både blant hannar og hoer.




Figur 5.3.1: Lengdefordeling av aure fanga i Jashaugvatnet 10/8-95 ( $n = 25$ ).


Vekstkurvene viser at dei aller fleste fiskane er utsette og deretter har hatt ein vekst som er normal for høgfjellsbestandar. Den avvikande utsjånaden på felleskurva (Figur 5.3.3) for dei to siste åra skuldast ulik vekst for dei to fiskane som utgjer dei to eldste årsklassane (Figur 5.3.4). Den eine seks år gamle fisken i fangsten kan vera ein villfisk, utfrå at han var svært liten etter første året i høve til dei andre.



Figur 5.3.2: Aldersfordeling av aure fanga i Jashaugvatnet 10/8-95 (n = 25).



Figur 5.3.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Jashaugvatnet 10/8-95 (n = 25). Brotten linje: «normalkurve».



Figur 5.3.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Jashaugvatnet 10/8-95 (n = 25).

Dietten i Jashaugvatnet var dominert av fjørmygglarvar og -pupper men det var også ete eindel overflateinsekt (Tabell 5.3.1). Dei fleste aurane hadde halvfulle magar, gjennomsnittleg fyllingsgrad var 2,4.

**Tabell 5.3.1:** Mageinnhald hjå 12 av fiskane som vart fanga i Jashaugvatnet 10/8-95. Dei ulike fødeemna er angjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr												
	1	2	3	4	5	6	7	8	10	11	12	13	%
<b>Overflatedyr</b>													
Flygande insekter	5	10		5		50	40	5	20	60	10	17,1	
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	35		50	20	97	80	25		30		20	20	31,4
Fjørmyggupper	60	90	50	75	2	20	25	60	60	80	19	70	50,9
Vårflógelarvar (Trichoptera)								5					0,4
Ertensleng (Pisidium)					1						1		0,2

### *Elektrofiske*

Ved el-fiske i hovudinnløpselva (UTM LN 777 636) vart det fanga to aurar på 13 og 20 cm, i tillegg vart det sett tre fisk me ikkje fekk tak i. Me fann ikkje 0+, noko som ville prova naturleg rekruttering, men den minste fisken me fanga hadde ingen teikn på oppdrettsbakgrunn og kan ha vore ein villfisk. Tilhøva i hovudinnløpselva skulle liggja til rette for gyting og oppvekst over ei strekning på omlag 150 m, me fiska over omlag 120 m.

Ein innløpsbekk frå Styvisdalsvatnet (UTM LN 778 637) vart også el-fiska (omlag 100 m). Denne bekken er fin med godt gytesubstrat og fleire småhølar. Me fekk seks aurar mellom 9 og 18 cm, men alle desse var tydeleg utsette. Sannsynlegvis er denne bekken berre tilgjengeleg ved snøsmelting og nedbør men, vil ellers turka ut.

Utløpselva (UTM LN 775 631) vart el-fiska over heile det tilgjengelege arealet (omlag 50 m). Dette er ei grov elv med fine oppvekstområde, men det er lite eigna gytesubstrat. Me fekk fem aurar mellom 8 og 11 cm og såg i tilllegg omlag 10 stk. Dei me fanga hadde alle oppdrettsbakgrunn.

### **Vurdering**

Ved prøcefisket i 1979 var all fisken som vart fanga sett ut to år før. Vatnet er uregulert men bekkeinntak har turka ut hovudløpet. Gytetilhøva vart rekna å vera øydelagde og det vart tilrådd å tilretteleggja for gyting ved å samla det resterande tilsiget i ein smalare kanal. Dette var gjort då me undersøkte der i 1995. Trass i gode tilhøve for gyting og oppvekst i hovudinnløpselva ser det ut til å vera lite eller ingen rekruttering her. Ein grunn til dette kan vera ustabil vassføring med periodar utan vatn i det heile, eller at elva botnfrys om vinteren. Slik stoda er idag må utsetjingane fortsetja dersom ein skal ha ein stabil aurebestand i Jashaugvatnet. Utsetjingane er truleg høvelege.

## 5.4 Kvilesteinsvatnet

Kommune: Vik

Kartref: (ED50) UTM LN 559 581 (355950 6758150)

Vassdragsnr./Innsjønr.: 071.5AD3/1468

Vassdrag: Gravseta

H.o.h (HRV): 920 m

Reguleringshøgd: 25 m

Areal (HRV/LRV): 348/180 ha

Regulant: Statkraft

Første gong regulert: 19??

Pålegg: 3000 1-somrig aure av uspesifisert stamme


Siste gong undersøkt: 1979

Antal garn/fangst: 10/40

### Resultat

Lengdene på fiskane varierer fra 11 til 32 cm, i tillegg vart det fanga ein aure på 39 cm (Figur 5.4.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 21,1 cm og 119 g. Alderen varierer frå eitt til åtte år og det er flest tre- og fireåringar (Figur 5.4.2). Dei seks fiskane som er 11 og 12 cm er alle eittåringar, dei andre årsklassane har stort overlapp i lengdefordeling.


Fisken ser ut til å vera i normalt bra form, gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $0,99 \pm 0,06$  (0,86-1,11). Tjueein av fiskane var kvite i kjøtet, åtte var lyseraud og elleve var raud. Fjorten fiskar (35%) var kjønnsmogne, to av desse var andregongsgytarar. Ti av dei 14 kjønnsmogne aurane var hannar, den yngste var tre år. Den yngste hoa var fire år gammal.




Figur 5.4.1: Lengdefordeling av aure fanga i Kvilesteinsvatnet 1/8-95 (n = 40).

Veksten er normal for høgfjellsbestandar, og at fiskane er store det første året viser at dei fleste (sannsynlegvis alle) er utsette (Figur 5.4.3). Dei seks yngste årsklassane har ein jamn vekst


(Figur 5.4.4), skilnadane mellom årsklassane skuldast sannsynlegvis ulik storleik ved utsetjing eller ulike tilhøve det første året, t.d. ulik temperatur eller vasstand i magasinet. Det er stor variasjon i veksthastighet i dei to eldste årsklassane, noko som skuldast at desse består av berre ein fisk kvar og dermed ikkje vert avdempa ved snittverdiar.



Figur 5.4.2: Aldersfordeling av aure fanga i Kvilesteinsvatnet 1/8-95 ( $n = 39$ ).



Figur 5.4.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Kvilesteinsvatnet 1/8-95 ( $n = 39$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 5.4.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Kvilesteinsvatnet 1/8-95 ( $n = 39$ ).

Dietten i Kvilesteinsvatnet er variert og består av både overflateinsekt, bunndyr og plankton (Tabell 5.4.1). Dei viktigaste fødeemna er overflateinsekt, fjørmygglarvar og vasslopper. (Gjennomsnittleg fyllingsgrad: 2,6)

**Tabell 5.4.1:** Mageinnhald hjå 15 av fiskane som vart fanga i Kvilesteinsvatnet 1/8-95. Dei ulike fødeemna er angjevne i volumprosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr																%
	1	2	3	4	5	6	7	10	11	12	13	14	15	16	17		
<b>Overfledy</b>																	
Flygande insekter	30	95	18	5	85	90	5		90							5	28,2
<b>Bunndyr</b>																	
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	30	30	5	80	75	10	10	10	40	9	80	40	5	50	70	36,3	
Fjørmyggupper	70	30		2	5	5						18	5	5	20	15	11,7
Vårløgelarvar (Trichoptera)					10			10				15					2,3
Diptera (fløger o.l.), pupper												90					6,0
<b>Plankton</b>																	
Daphnia (vasslopper)	10				5			75	60	1	2	40			30	10	15,5

## Vurdering

### Førre undersøkjing

Ved prøvefisket i 1979 viste det seg at fisken hadde vakse svært raskt og var i svært god form (gjennomsnittleg k-faktor: 1,11). Minst 21 av dei 23 fiskane som vart fanga i 1979 var sette ut i 1977 og -78. Det vart rekna at gytetilhøva var øydelagde.

### Denne undersøkjinga

I 1995 var gjennomsnittleg k-faktor nede i 0,99, og veksten var normal. Skilnadene mellom 1979 og 1995 kan skuldast at utsetjingane berre så vidt var komne i gong i 1979 og at auren då hadde særleg gode tilhøve. Det kan vera tilrådeleg å redusera utsetjingane noko over ei tid og sjå om det påverkar kondisjon og vekst.

Det vart ikkje funne område eigna for gyting, og det vil vera vanskeleg å leggja tilhøva til rette. Konklusjonen er såleis, som i 1979, at ein må basera ein stabil fiskebestand på utsetjingar også i framtida.

## 5.5 Muravatnet

*Kommune:* Vik

*Kartref.:* (ED50) UTM LN 691 624 (369100 6762400)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 070.E3/1463

*Vassdrag:* Viksvassdraget

*H.o.h (HRV):* 1060 m

*Reguleringshøgd:* 40 m

*Areal (HRV/LRV):* 659/100 ha

*Regulant:* Statkraft

*Første gong regulert:* 19??

*Pålegg:* 2000 1-somrig aure av uspesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1979

*Antal garn/fangst:* 10/31

### Resultat


Lengdene på fiskane varierer fra 19 til 33 cm, i tillegg vart det fanga ein aure på 43 cm (Figur 5.5.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 27,1 cm og 240 g. Alderen varierer fra tre til sju år, med dominans av fire til seks år gammel fisk. Det er litt få yngre fisk, særleg treåringane skulle ein venta fleire av i fangsten.

Fisken er i svært god form. Gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $1,08 \pm 0,07$  (0,95-1,24), heile 25 (81%) av fiskane hadde k-faktor over 1,00 og for 12 (48%) av desse var verdiane over 1,10. Fjorten av fiskane var kvite i kjøtet, fem var lyseraud og tolv var raude. Femten fiskar (48%) var kjønnsmogne. Ti av desse var hannar, fire var andregongsgytarar (alle hannar). Den yngste hannen var tre år, den yngste hoa var fem.




Figur 5.5.1: Lengdefordeling av aure fanga i Muravatnet 4/8-95 (n = 31).


Veksten er normal for høgfjellsbestandar, og at fiskane er store det første året viser at dei fleste (sannsynlegvis alle) er utsette (Figur 5.5.3). Veksten er avtakande med aukande alder. Det er liten skilnad mellom årsklassane, men treåringane ser ut til å ha vore større ved utsetjing (Figur 5.5.4).



Figur 5.5.2: Aldersfordeling av aure fanga i Muravatnet 4/8-95 ( $n = 31$ ).



Figur 5.5.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Muravatnet 4/8-95 ( $n = 31$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 5.5.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Muravatnet 4/8-95 ( $n = 31$ ).

Dietten til 12 fiskar som vart undersøkte besto utelukkande av fjørmygglarvar og -pupper. Gjennomsnittleg magefyllingsgrad var 2,7.

## Vurdering

### *Førre undersøkjing*

Ved prøvefisket i 1979 vart bestanden av aure rekna å vera tunn, med god kondisjon (gj.sn. k-faktor: 1,04) og vekst. Gytetilhøva vart vurdert å vera mangelfulle og at det var naudsynt med utsetjing av fisk.

### *Denne undersøkjinga*

Tilhøva ser ut til å vera mykje dei same i 1995 som i 1979. Gjennomsnittleg k-faktor var 1,08 og veksten er bra, men verkar å avta med alder. Bestanden ser ut til å vera i bra balanse og utsetjingane har truleg vore høvelege.

To potensielle gyteelvar vart observerte. Vollafljellselva (UTM LN 711 621) er godt eigna til gyting og oppvekst, men det er svært bratt ned mot vatnet sjølv ved høg vasstand. Det er lite truleg at det kan tilretteleggjast for naturleg rekruttering her utan store inngrep, og framtidige utsetjingar er truleg naudsynt. Endredalselva (UTM LN 701 609) ser ut til å vera godt eigna for gyting, ho renn grunn og roleg. Eit problem her kan vera botnfrysing, i og med at elva er grunn og nok har lite eller ingen vintervassføring. Endredalen ser ut til å vera eit område med sein snøsmelting.

Dei to elvane me undersøkte har i utgangspunktet potensiale for naturleg rekruttering, og det kan henda det finn stad ei viss gyting. Men det er lite truleg at desse elvane kan gje stabil tilførsle av ungfisk, og det vil nok vera for lite til sikra ein høveleg bestand. Det var ingenting i garnfangstane som tydde på at det hadde funne stad naturleg rekruttering i det heile, og ein framtidig fiskebestand i Muravatnet må nok baserast på utsetjingar.

## 5.6 Målsetvatnet

*Kommune:* Vik

*Kartref:* (ED50) UTM LN 204 712 (365275 6764300)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 070.5BB/1466

*Vassdrag:* Pyttane

*H.o.h (HRV):* 863 m

*Reguleringshøgd:* 33 m

*Areal (HRV/LRV):* 101/40 ha

*Regulant:* Statkraft

*Første gong regulert:* 1957

*Pålegg:* Ingen


*Siste gong undersøkt:* 1979

*Antal garn/fangst:* 8/12

### Resultat


Lengdene på fiskane varierer fra 16 til 30 cm, dei fleste er mellom 18 og 25 cm (Figur 5.6.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 20,9 cm og 98 g. Alderen varierer fra tre til seks år, med dominans av tre og fire år gammal fisk (Figur 5.6.2).

Fisken ser ut til å vera i normalt bra form, gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $0,98 \pm 0,06$  (0,89-1,07). Sju av fiskane var kvite i kjøtet, fire lysraude og ein var raud. Åtte fiskar (67%) var kjønnsmogne, sju av desse var hannar. Den yngste hannen var tre år gammal, hoa var fire år.




Figur 5.6.1: Lengdefordeling av aure fanga i Målsetvatnet 2/8-95 ( $n = 12$ ).


Veksten er normal i høve til det ein kan venta i høgfjellet. Den knekken ein ser i kurva i figur 5.6.3 er villeiande. Dei to eldste årsklassane, berre representert med ein fisk kvar, går i kvar si retning (Figur 5.6.4). Den fem år gamle fisken har hatt svært god vekst, medan seksåringen har hatt dårlig vekst, og dette gjev seg utslag i eit knekkpunkt på kurva.



Figur 5.6.2: Aldersfordeling av aure fanga i Målsetvatnet 2/8-95 ( $n = 12$ ).



Figur 5.6.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Målsetvatnet 2/8-95 ( $n = 12$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 5.6.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Målsetvatnet 2/8-95 ( $n = 12$ ).

Dietten i Målsetvatnet er dominert av overflateinsekt og fjørmygglarvar, men det er også ete andre insektlarvar og hoppekrepss (Tabell 5.6.1) Fiskane hadde gjennomgående bra magefyllingsgrad (gj.sn.: 2,8)

**Tabell 5.6.1:** Mageinnhald hjå dei 12 fiskane som vart fanga i Målsetvatnet 2/8-95. Dei ulike fødeemna er angjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr												%
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	
<b>Overfatedyr</b>													
Flygande insekter	60	100	85	98	20	90	60	40	15	90	90	30	<b>64,8</b>
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	15		10	2	75	10	20	20	50	5	10	40	<b>21,4</b>
Vårfløgelarvar (Trichoptera)					5								<b>0,4</b>
Steinfløgelarvar (Plecoptera)		10											<b>0,8</b>
Diptera (fløger o.l.), pupper								40	35				<b>6,3</b>
Billelarvar						5				5			<b>0,8</b>
Vasskalvar							20						<b>1,7</b>
<b>Plankton</b>													
Hoppekrepss (Copepoda)	15										30		<b>3,8</b>

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1979 vart bestanden vurdert som normalt tett og fisken var i fin form (gj.sn. k-faktor: 0,99). Dietten var dominert av fjørmygglarvar og vasslopper. Det var truleg lite naturleg rekruttering, men ein god tilførsle av fisk frå andre vatn via tunnellar og elvar. Utsetjing av fisk vart ikkje tilrådd slik tilhøva var.

### Denne undersøkjingga

I 1995 var vekst og kondisjon omlag som i 1979, men bestanden er no tunn. Ei anna endring er at dietten no er dominert av overflateinsekt medan vassloppene er heilt forsvunnen som næringssdyr. Det er stor vassgjennomstrøyming i Målsetvatnet, noko som kan forklara fråveret av vasslopper og dominansen av overfatedyr.

Det er lite truleg at det er naturleg rekruttering i Målsetvatnet. Me el-fiska og synfor tre bekkar på vestsida av Målsetvatnet (UTM LN 649 626 / 656 631 / 660 641). Det vart ikkje fanga fisk i nokon av desse bekkane, og oppgangshinder nedst ved vatnet hindrar sannsynlegvis oppgang av fisk frå vatnet, sjølv ved høg vasstand. Innløpselva nordaust i vatnet (UTM LN 660 641) har omlag 50 m med gode tilhøve for gyting men elva er berre tilgjengeleg ved høgste regulerte vasstand. Strandsona er bratt og den store variasjonen i vasstand gjennom året gjer det enno mindre sannsynleg at auren skal lukkast i å gyta.

Nedgangen i aurebestanden dei seinare åra (også påpeikt av hytteeigarar/hobbyfiskarar) gjer at ein bør halda vatnet under oppsyn og kanhende vurdera å starta fiskeutsetjingar.

## 5.7 Skjelingavatnet

*Kommune:* Vik

*Kartref:* (ED50) UTM LN 691 604 (363100 6760475)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 070.5D/1465

*Vassdrag:* Arnafjordvassdraget

*H.o.h (HRV):* 980 m

*Reguleringshøgd:* 22 m

*Areal (HRV/LRV):* 118/60 ha

*Regulant:* Statkraft

*Første gong regulert:* 19??

*Pålegg:* 1000 1-somrig aure av uspesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1979

*Antal garn/fangst:* 8/22

### Resultat


Lengdene på fiskane varierer fra 9 til 30 cm, dei fleste er mellom 14 og 27 cm (Figur 5.7.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 18,7 cm og 80 g. Den eine fisken på 9 cm var sett ut dagen før. Alderen varierer fra tre til åtte år, med dominans av tre og fire år gammal fisk.

Fisken ser ut til å vera i normalt bra form, gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $1,02 \pm 0,07$  (0,93-1,17). Sytten av fiskane var kvite i kjøtet, ein lyseraud og tre var raude. Berre tre fiskar var kjønnsmogne (14%), dette var to hannar og ei ho som alle var åtte år gamle.




Figur 5.7.1: Lengdefordeling av aure fanga i Skjelingavatnet 8/8-95 ( $n = 22$ ).


Veksten er ein del därlegare enn det ein kan rekna som normal vekst i høgfjellet (Figur 5.7.3), gjennomsnittleg årleg tilvekst er berre omlag 3 cm. Vekstkurvene for dei einskilde årsklassane er nokså like (Figur 5.7.4)



Figur 5.7.2: Aldersfordeling av aure fanga i Skjelingavatnet 8/8-95 (n = 21).



Figur 5.7.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Skjelingavatnet 8/8-95 (n = 21). Broten linje: «normalkurve».



Figur 5.7.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Skjelingavatnet 8/8-95 (n = 21).

Dietten er dominert av fjørrmygglarvar og -pupper, men det er også ete eindel overflateinsekt og vårfløgelarvar (Tabell 5.7.1). Dei fleste fiskane hadde halvfulle magar, gjennomsnittleg magefylling var 2,6.

**Tabell 5.7.1:** Mageinnhald hjå 15 av fiskane som vart fanga i Skjelingavatnet 8/8-95. Dei ulike fødeemna er angjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr															%
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	11	12	13	14	15	16	
<b>Overflatedyr</b>																
Flygande insekter		15				39			55		70					11,9
<b>Botndyr</b>																
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	2	80	40	50	100	1	15	60	40	40	5		15	55	30	35,5
Fjørmyggupper	95	5	59	50			15		5	20	85		85	40	20	31,9
Vårfløgelarvar (Trichoptera)	3					70	40			10						8,2
Ertemusling (Pisidium)				1												0,1
<b>Plankton</b>																
Hoppekreps (Copepoda)					60				40		30		5	50		12,3

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1979 var bestanden av aure tunn og hadde god vekst og normal kondisjon (gj.sn. k-faktor: 0,97). Gytetilhøva var heilt øydelagde og fiskebestanden må baserast på utsetjingar.

### Denne undersøkjinga

I 1995 er bestanden truleg høveleg. Kondisjonen har betra seg litt (gj.sn k-faktor: 1,02), men veksten er därleg. Potensielle gyteområde vart synfarne og konklusjonen er som i 1979 og utsetjingar må gjennomførast også i framtida.

## 5.8 Årebotnvatnet

Kommune: Vik

Kartref. (ED50) UTM LN 678 623 (367800 6762300)

Vassdragsnr./Innsjønr.: 070.5BD/1467

Vassdrag: Pyttane

H.o.h (HRV): 994m

Reguleringshøgd: 11m

Areal (HRV/LRV): 61/20ha

Regulant: Statkraft

Første gong regulert: 19??

Pålegg: 400 1-somrig aure av uspesifisert stamme


Siste gong undersøkt: 1979

Antal garn/fangst: 7/12

### Resultat


Lengdene på fiskane varierer fra 17 til 30 cm, dei fleste er mellom 19 og 24 cm (Figur 5.8.1). Gjennomsnittleg lengd og vekst var 22,3 cm og 126 g. Det er berre tre årsklassar i fangsten, tre, fire og fem år.

Fisken er i svært god form, gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $1,08 \pm 0,05$  (1,02-1,16). Tre av fiskane var kvite i kjøtet, åtte lyseraud og ein var raud. To fiskar var kjønnsmogne, begge var hannar på fire og fem år.




Figur ?: Lengdefordeling av aure fanga i Årebotnvatnet 3/8-95 (n = 12).


Veksten er normal for høgfjellspopulasjonar (Figur 5.8.3). Ser ein på dei einskilde årsklassane (Figur 5.8.4) har femåringane hatt svak vekst andre året og god vekst tredje året, medan dei andre har hatt jamn vekst heile tida.



Figur 5.8.2: Aldersfordeling av aure fanga i Årebotnvatnet 3/8-95 ( $n = 12$ ).



Figur 5.8.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Årebotnvatnet 3/8-95 ( $n = 12$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 5.8.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Årebotnvatnet 3/8-95 ( $n = 12$ ).

Dietten i Årebotnvatnet er dominert av vasslopper og overflateinsekt (Tabell 5.8.1). I tillegg var det ete små mengder fjørmygglarvar, hoppekreps og Bytotrephes (ei rovform av vasslopper). Gjennomsnittleg magefyllingsgrad var 2,7.

**Tabell 5.8.1:** Mageinnhald hjå 9 av fiskane som vart fanga i Årebotnvatnet 3/8-95. Dei ulike fødeemna er angjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr										%
	1	3	4	5	6	7	8	9	11		
<b>Overflatedyr</b>											
Flygande insekter	90	15	12	35	100						<b>28,0</b>
<b>Botndyr</b>											
Fjørmygglarvar (Chironomidae)			5			2		1			<b>0,9</b>
Diptera (fløger o.l.), pupper									2		<b>0,2</b>
<b>Plankton</b>											
Daphnia (vasslopper)	3	85	85	60		98	100	98	98		<b>69,7</b>
Bytotrephes	2		3								<b>0,6</b>
Hoppekreps (Copepoda)				5				1			<b>0,7</b>

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1979 var bestanden tunn (det vart berre fanga tre fisk), og kvaliteten var særskilt god. Gyttetilhøva vart karakterisert som därlege og utsetjingar vart tilrådd.

### Denne undersøkjinga

Tilhøva er dei same i 1995 som i 1979. Me synfor to bekkar nær demninga, ein kanal som er graven ned frå Vetlefjellet (UTM LN 680 623) og ein bekk omlag 300 m lenger sør (UTM LN 678 619). Kanalen er grov, enkelte parti har eigna gytesubstrat, men totalt gyteareal er lite. Den andre bekken er ein typisk liten fjellbekk som renn gjennom ei myr ned frå eit snøleie. Her er enkelte område som burde vera godt eigna for gyting, men denne bekken tørkar sannsynlegvis ofte ut. Totalt sett er det visse sjansar for naturleg rekruttering i Årebotnvatnet, men det er avhengig av at vatnet har høg vasstand i sentrale periodar om våren og hausten. Det er sannsynleg at vidare utsetjingar av fisk er naudsynt for å halda bestanden oppe. Bestanden er såpass tunn at vatnet nok kunne tola litt større utsetjingar, men påleggjett er truleg høveleg.

## 6. Aurlandsvassdraga

### Regulant: OSLO ENERGI

Aurlandsvassdraget har eit nedslagsfelt på 798 km<sup>2</sup>, over 90% ligg over 900 m.o.h. Dei fleste reguleringmagasina ligg mellom 1300 og 1400 m.o.h. (Figur 6.1).

Aurdalsvatnet og Vetlebotnvatnet har ikkje utsetjingspålegg men vart prøvefiska ut frå lokale ynskje (Tabell 6.1). Dei uregulerte vatna som er prøvefiska er indirekte påverka av regulerin-gane ved at gjennomstrøyminga er tildels kraftig redusert. Store Vargevatnet, Nyhellermagasi-net og Katlamagasinet vart prøvefiska i 1994 (Sølsnæs & Langåker, 1995)

**Tabell 6.1:** Oversikt over vatn i Aurlandsvassdraget som vart prøvefiska i 1995. Opplysningane er henta frå Bjerknes & Lingaa (1992), Sølsnæs & Langåker (1993) og Vassdragsregisteret.

Magasin	UTM-koord.	M.o.h. (Hrv)	Reg. høgd (m)	Areal (ha) HRV/LRV	Uts. pålegg
Adamsvatnet/Langavatnet	MN 139 381	1415	20	214/110	1500
Alvvatnet	MN 137 344	1438	0	46	200
Aurdalsvatnet	MN 182 445	813	0	22	0
Hednedalsvatnet	MN 116 342	1261	0	110	600
Nedre Berdalsvatnet	MN 149 407	1441	2	36/30	500
Nedre Grovjuvvatnet	MN 131 331	1374	0	13	200
Nedre Millomvatnet	MN 168 350	1451	21	106/21	500
Reppvatnet	MN 098 417	1307	15	32/13	300
Store Kreklevatnet	MN 079 402	1477	17	109/40	300
Svartevatnet	MN 196 341	1441	31	270/108	3000
Vestredalsmagasinet	MN 221 353	1152	21	227/89	3000
Vetlebotnvatnet	MN 220 414	1025	19	83/25	0
Viddalsmagasinet.	MN 060 449	930	62	413/205	6000
Øyestølsvatnet	MN 217 421	964	0	15	600

## 6.1 Vasskjemi/Plankton

### Vasskjemi

Vasskjemien i Aurlandsfjella er gjennomgåande god, pH-verdiane i dei vatna me prøvefiska låg mellom 5,4 og 6,6 (Tabell 6.1.1). Stoda har endra seg lite frå 1981, då pH-verdiane låg mellom 5,6 og 6,6. Alkalitet og kalsium-verdiar varierer, men er for fleire av vatna gode etter vestnor-ske tilhøve. Mengda labilt aluminium er lågt i alle vatna. Nedre Millomvatnet skil seg ut med låg pH og alkalitet og høgare mengd labilt aluminium enn dei andre vatna, men det skulle ikkje vera kritisk for auren i dette vatnet heller.

### Plankton

Det vart berre teke plankontrekk i tre av vatna i Aurlandsområdet (Tabell 6.1.2). Adamsvatnet og Øyestølsvatnet har lite plankton i vassmassane, medan tettleiken er høg i Viddalsmagasinet. I Adamsvatnet og Viddalsmagasinet er det innslag av Daphnia (vasslopper) i prøvane, og i Adamsvatnet utgjer desse omlag helvta av magevolumet til aure (Kapittel 6.2) Plankton-

samfunnet er sterkt dominert av dei små vassloppene Bosmina og hoppekrepss som ikkje er særleg eigna som aureføde. Det vart likevel ete ein del av desse i Viddalsmagasinet (Kapittel 6.14).

**Tabell 6.1.1:** Oversikt over vasskjemiske data for dei undersøkte vatna i Aurlandsvassdraga.


Lokalitet	pH	Farge (mg Pt/l)	Kond.-25 (µS/cm)	Alk.* (µekv/l)	Ca (mg/l)	TM-Al (µg/l)	UM-Al (µg/l)
Adamsvatnet/Langavatnet	6,1	0	9,6	14	0,80	1	0
Alvsvatnet	5,6	0	4,4	7	0,20	3	1
Aurdalsvatnet	6,5	1	10,0	43	0,91	3	2
Hednedalsvatnet	6,2	0	6,4	21	0,50	1	0
Nedre Berdalsvatnet	5,6	0	5,5	1	0,17	6	3
Nedre Grovjuvvatnet	6,0	0	4,3	7	0,30	3	0
Nedre Millomvatnet	5,4	0	6,9	0	0,27	10	8
Reppvatnet	5,7	0	5,9	2	0,26	2	0
Store Kreklevatnet	5,5	1	6,0	0	0,23	3	2
Svardevatnet	5,7	1	7,7	4	0,41	4	2
Vestredalsmagasinet	6,6	1	12,7	52	1,45	2	1
Vetlebotnv./Øyestølsvatn.	6,5	1	10,2	38	1,04	2	1
Viddalsmagasinet	6,2	3	8,7	27	0,71	1	0

\*Korr. Henriksen

**Tabell 6.1.2:** Resultat av vertikale plankontrekk i vatn på Aurlandsfjellet i 1995. Prøvane er tekne frå det doble siktedjupet til overflata. Der totaldjupet er mindre enn dette vert prøvane tekne i heile vassøyla.

	Adamsvatnet/Langavatnet	Viddalsmagasinet	Øyestølsvatnet
Siktedjup (m)	?	?	?
Prøvedjup (m)	?	?	?
<b>Plankton (n/m<sup>2</sup> overflate)</b>			
<b>Vasslopper</b>			
<i>Bosmina</i>	0	13939	4734
<i>Holopedium</i>	0	13097	0
<i>Daphnia</i>	473	1105	0
<b>Hoppekrepss</b>			
Cyclopoide	3314	53	0
Calanoide	631	29824	631
Totalt antal individ per m <sup>2</sup>	4418	58018	5365

# AURLANDSVASSDRAGET



**Figur 6.1:** Oversikt over området for Aurlandsreguleringane og plassering av dei 14 vatna som vart prøvefiska. 1: Adamsvatnet/Langavatnet, 2: Alvsvatnet, 3: Aurdalsvatnet, 4: Hednedalsvatnet, 5: Nedre Berdalsvatnet, 6: Nedre Grovjuvvatnet, 7: Store Kreklevatnet, 8: Reppevatnet, 9: Nedre Millonvatnet, 10: Svarvatnet, 11: Vesterålvatnet, 12: Vestredalsmagasinet, 13: Viddalsmagasinet, 14: Yestsvatnet.

## 6.2 Adamsvatnet/Langavatnet

*Kommune:* Aurland

*Kartref:* (ED50) UTM MN 139 381 (413954 6738101)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 069.51C/28972

*Vassdrag:* Aurlandsvassdraget

*H.o.h (HRV):* 1415 m

*Reguleringshøgd:* 20 m

*Areal (HRV/LRV):* 214/110 ha

*Regulant:* Oslo Energi

*Første gong regulert:* 1982

*Pålegg:* 1500 1-somrig aure av uspesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 12/56

Adamsvatnet og Langavatnet heng ved høg vasstand saman som to basseng i eit reguleringsmagasin, og har felles utsetjingspålegg (1500 fisk). Dei to vatna vart prøvefiska separat, seks garn i kvart vatn. Det vart totalt fanga 56 aure, 35 i Adamsvatnet og 21 i Langavatnet. Andre skilnader mellom dei to bassenga vert nemnd i resultatdelen.

### Resultat


Fiskane i fangsten var mellom 13 og 33 cm, dei fleste mellom 24 og 30 cm (Figur 6.2.1). Fangsten var delt opp i to lengdegrupper, 13-17 cm (7 fisk) og 21-33 cm (49 fisk). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 25,1 cm 182 g. Aldersfordelinga samsvarer med lengdefordelinga (Figur 6.2.2). Fiskane var mellom eitt og åtte år gamle, dei fleste mellom fem og sju år (39 av 56) og den klart dominante årsklassen er seksåringar. Det mest påfallande er det totale fråveret av tre år gammal fisk. Det ser ut som det anten ikkje har vore sett ut fisk i 1992 eller at utsetjingane dette året har slege fullstendig feil.




Figur 6.2.1: Lengdefordeling av aure fanga i Adamsvatnet 5-7/9-95 (n = 56).

Auren i Adamsvatnet/Langavatnet er i bra form. Gjennomsnittleg k-faktor var  $1,04 \pm 0,10$  ( $0,84-1,37$ ), 37 av 56 fiskar hadde k-faktor over 1,00. Skilnadene mellom dei to bassenga var små, fisken i Langavatnet hadde litt høgare gjennomsnittleg k-faktor men hadde og større spreiing i kondisjon. Åtte av fiskane var kvite i kjøtet, 16 var lysraude og heile 32 var raude. Tjueseks fiskar var kjønnsmogne (26%), fire av desse var andregongsgytarar. Yngste kjønnsmogne hann var fire år, yngste hoa var fem.


Veksten avtek med aukande alder. Det er ikke noko markert knekkpunkt på kurva, men det kan sjå ut til at veksten stagnerer kring 30 cm (Figur 6.2.3). Toåringane har hatt betre vekst enn dei andre årsklassane hadde dei første leveåra, elles er det relativt små skilnader mellom årsklassane (Figur 6.2.4).



Figur 6.2.2: Aldersfordeling av aure fanga i Adamsvatnet 5-7/9-95 ( $n = 56$ ).



Figur 6.2.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Adamsvatnet 5-7/9-95 ( $n = 56$ ). vatnet. Broten linje: «normalkurve».



**Figur 6.2.4:** Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Adamsvatnet 5-7/9-95 ( $n = 56$ ).

Dei viktigaste fødeemna i Adamsvatnet er fjørmygglarvar og vasslopper, omlag like mykje vart ete av kvar av desse dyregruppene (Tabell 6.2.1). I Langavatnet var biletet litt annleis, ved at fjørmygglarvar utgjorde 80% av dietten medan vassloppene stod for dei resterande 20%.

**Tabell 6.2.1:** Mageinhald hjå 12 av fiskane som vart fanga i Adamsvatnet 7/9-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinhaldet til alle dei undersøkte fiskane

GRUPPE	Fisk nr												
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	%
<b>Overfatedyr</b>													
Flygande insekter										10			0,8
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	20	20	25	99	100	100	100	5	40	40			45,8
Fjørmyggupper			5										0,4
<b>Plankton</b>													
Daphnia (vasslopper)	80	80	70	1				95	60	50	100	100	53,0

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1981 var vatna senka i samband med tunnelbygging og tilhøva var prega av tilgrumsing og lita sikt. Fisken som vart fanga var av bra kvalitet, bestanden var tunn.

### Denne undersøkjinga

I 1995 var bestanden i både vatna i god form, men syntte teikn til vekststagnering ved omlag 30 cm lengd. Bestanden er tettare enn i dei fleste andre vatna i denne undersøkjinga, særleg i Adamsvatnet. Det er vanskeleg å seia om utsetjingane er høveleg store, avdi det er så stor skilnad i tilslag mellom åra. Utsetjingane i 1989 (6+) ser ut til å ha vore særsvellukka (seks år gammal fisk utgjør 37,5% av totalfangsten), medan det ikkje er treåringer i fangsten i det heile (utsett i -92). Dersom normalt tilslag frå utsetjingane ligg ein stad i mellom desse to ekstreme åra, vil det seia at bestanden er tunn eller middels tett. Utsetjingane er sannsynlegvis høvelege,

men dei vil vera for store dersom ein får fleire årgangar med like stor suksess som den frå 1989. (Det må nemnast at me ikkje har oversikt over kor mykje fisk som faktisk er sett ut dei ulike åra og at det dermed kan finnast gode forklaringar på dei varierande årsklassesstorleikane.)

#### *Naturleg rekruttering*

Potensialet for naturleg rekruttering vart ikkje kartlagt i 1995, men ved undersøkingane i 1981 vart det konkludert at det ikkje hadde funne stad vellukka gyting. Det er ikkje noko i fangsten vår som tyder på stoda har endra seg, og ein framtidig aurebestand må baserast på utsetjingar.

### 6.3 Alvsvatnet

Kommune: Aurland

Kartref.: (ED50) UTM MN 137 344 (413750 6734400)

Vassdragsnr./Innsjønr.: 072.CD/1500

Vassdrag: Stonndalselva

H.o.h: 1437 m

Areal: 46 ha (ikkje regulert, permanent senka 2 m frå 1982)

Regulant: Oslo Energi


Pålegg: 200 1-somrig aure av uspesifisert stamme

Siste gong undersøkt: 1981

Antal garn/fangst: 6/6

#### Resultat

Dei seks fiskane som vart fanga var mellom 24 og 33 cm (Figur 6.3.1), gjennomsnittleg lengd og vekt var 28,6 cm og 269 g. Alderen var mellom fem og sju år (Figur 6.3.2). Den største av aurane (33 cm) kunne ikkje aldersbestemast sikkert men er kan hende opp mot ti år gammal.




Figur 6.3.1: Lengdefordeling av aure fanga i Alvsvatnet 7/9-95 (n = 6).


Fisken er i svært god form, gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $1,11 \pm 0,08$  (1,03-1,23). Fem av dei seks fiskane var lyseraud i kjøtet og ein var raud. Fangsten bestod av fire hannar og to hoer. Fire fiskar (67%) var kjønnsmogne (tre hannar), ein av hannane var andregongsgytar. Den yngste mannen var fem år, hoa var sju.

Vekstkurvene baserer seg berre på totalt fem fisk og kan berre gje ein indikasjon på korleis veksten er i vatnet (Figur 6.3.4). Den felles kurva (Figur 6.3.3) viser ein vekst som ligg litt lågare enn «normalvekstkurva» og som såleis er ganske typisk for høgfjellsvatn.


Dietten til dei seks fiskane som vart undersøkte for mageinnhold var mest utelukkande fjørmygglarvar, ein hadde også ete ein del fjørmyggupper. Fiskane hadde god magefylling, gjenomsnittleg fyllingsgrad var 3,5.



Figur 6.3.2: Aldersfordeling av aure fanga i Alvsvatnet 7/9-95 ( $n = 5$ ).



Figur 6.3.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Alvsvatnet 7/9-95 ( $n = 5$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 6.3.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Alvsvatnet 7/9-95 ( $n = 5$ ).

## Vurdering

### *Førre undersøkjing*

I 1981 var bestanden tunn, fiskken var av god kvalitet (k-faktor: 1,09) men voks seint. Naturleg rekruttering vart rekna å vera lite sannsynleg.

### *Denne undersøkjinga*

I 1995 var stoda omlag uendra. Bestanden er tunn og gjennomsnittleg k-faktor var  $1,11 \pm 0,08$ . No som i 1981 vart det berre fanga gamal fisk. Sægrov (1981) forklarte sine resultat med at yngre fisk ikkje hadde nådd fangbar storleik. Sidan han nytta ein Jensen-serie som sjeldan fangar fisk under 16-17 cm kan dette forklara resultata i 1981, men i 1995 vart det nytta Nordisk serie. Desse garna har maskevidder ned til 5 mm og fangar fisk under 10 cm.

Det kan difor synast som utsetjingane ikkje har slege til dei seinare åra. Vatnet ligg i eit snørikt område med sein isgang og kort vekstsesong og vil vera ekstra utsett for ekstremtilhøve. Der som isen ikkje går eit år har det ikkje berre konsekvensar for utsetjingane det året men også for overleving og tilvekst til dei fiskane som er i vatnet.

## 6.4 Aurdalsvatnet

*Kommune:* Aurland

*Kartref:* (ED50) UTM MN 182 445 (418279 6744565)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 072.D32/15992

*Vassdrag:* Aurlandsvassdraget

*H.o.h:* 813 m

*Areal:* 22 ha (ikkje regulert, ind. påv. v/ red gj. strøyming)

*Regulant:* Oslo Energi


*Pålegg:* Ingen

*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 6/23

### Resultat


Lengdene i fangsten er fordelt mellom 13 og 33 cm, relativt jamt fordelt i intervallet (Figur 6.4.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt er 22,4 cm 134 g. Fiskane var mellom to og sju år gamle, relativt jamt fordelt i aldersgruppa tre til sju år (Figur 6.4.2).




Figur 6.4.1: Lengdefordeling av aure fanga i Aurdalsvatnet 26/7-95 (n = 23).

Gjennomsnittleg k-faktor var  $1,01 \pm 0,06$  (0,88-1,13). Med unntak av dei to ytterverdiane låg alle k-faktorverdiane mellom 0,90 og 1,10. Fjorten av fiskane var kvite i kjøtet, fire var lyse-raude og fem var raude. Fjorten fiskar (61%) var kjønnsmogne (11 hannar, 3 hoer), to av desse var andregongsgytarar. Yngste kjønnsmogne hann var tre år, yngste ho var seks.


Vekstmönsteret er todelt. Dei yngste årsklassane har ein svært god vekst som ligg nær opp til «normalvekstkurva», medan dei to eldste årsklassane (seks og sju år gamle) har ein noko seina-re vekst dei første åra (Figur 6.4.4). Dei siste tre-fire åra er veksten omlag like god for alle årsklassane. Dette kan tyda på at tilhøva har betra seg i vatnet frå omlag 1992 og framover, sjølv om dei individuelle vekstkurvene varierer sterkt innan årsklassar.



Figur 6.4.2: Aldersfordeling av aure fanga i Aurdalsvatnet 26/7-95 (n = 23).



Figur 6.4.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Aurdalsvatnet 26/7-95 (n = 23). Broten linje: «normalkurve».



Figur 6.4.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Aurdalsvatnet 26/7-95 (n = 23).

Dietten til auren i Aurdalsvatnet er dominert av fjørmyggupper og overflateinsekt, men det vart også ete linsekreps og ertemusling (Tabell 6.4.1). Dei fleste fiskane har ein middels magefyllingsgrad.

**Tabell 6.4.1:** Mageinnhald hjå 11 av fiskane som vart fanga i Aurdalsvatnet 26/7-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane

GRUPPE	Fisk nr												%
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	16		
<b>Overflatedyr</b>													
Svermande maur												40	3,6
Flygande insekt	95	30	20			70		85		40		30,9	
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)						2				2		0,4	
Fjørmyggupper	100				80	95	95	30	100	10	98	20	57,1
Diptera (fløger o.l.), pupper		5											0,5
Linsekreps (Chydoridae)			40			3							3,9
Ertemusling (Pisidium)			30			5		5					3,6

## Vurdering

### Førre undersøkjing

Fieskebestanden i 1981 var middels tett med bra kvalitet (gi.sn k-faktor: 1,01) og rask vekst.

Fangst av eldre fisk viste at det hadde vore vellukka gyting i alle høve fram til 1979.

Aurdalsvatnet er uregulert men det er påverka ved sterkt redusert gjennomstrøyming. Sægrov (1981) tvilte på at bestanden kunne haldast ved lag utan utsetjingar.

### Denne undersøkjinga

Tilhøva var ganske like i 1981 og 1995. Gjennomsnittleg k-faktor var identisk og særleg dei yngre årsklassane hadde hatt like god vekst på 90-talet som det ein fann i 1981. Bestanden er truleg noko tunnare no enn i 1981 men utan at det er noko problem. Det er usikkert i kva grad bestanden kan klara seg ved naturleg rekruttering. Det vart fanga tre fiskar med teikn på oppdrettsbakgrunn, og i følgje regulanten vert det sett ut fisk i Aurdalsvatnet utanom utsetjingspålegg (Kjærvik, pers. med.)

## 6.5 Hednedalsvatnet

*Kommune:* Aurland

*Kartref.* (ED50) UTM MN 116 342 (411678 6734274)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 072.CC/16235

*Vassdrag:* Stonndalselva

*H.o.h:* 1261 m

*Areal:* 110 ha (ikkje regulert, ind. påv. v/ minska vassføring)

*Regulant:* Oslo Energi


*Pålegg:* 600 1-somrig aure av uspesifisert stamme

*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 8/42

### Resultat

Lengdene i fangsten er fordelt mellom 14 og 37 cm, dei fleste fiskane er mellom 15 og 25 cm. Gjennomsnittleg lengd og vekt er 20,2 cm og 108 g (Figur 6.5.1). Aldersfordelinga er frå eitt til åtte år, dei fleste er to til fire år gamle (Figur 6.5.2) Det er ein sterk dominans av to-fire år gammal fisk i fangsten (78%).




Figur 6.5.1: Lengdefordeling av aure fanga i Hednedalsvatnet 1/9-95 (n = 42).


Fiskebestanden i Hednedalsvatnet er i svært god form. Gjennomsnittleg k-faktor var  $1,08 \pm 0,08$  (0,92-1,26), heile 36 av 42 fiskar hadde k-faktor over 1,00. Nitten av fiskane var kvite i kjøtet, 13 var lysraude og 10 var raude. Berre seks fiskar (14%) var kjønnsmogne, alle desse var hannar. Ingen var andregongsgytarar.

Veksten til fiskene i Hednedalsvatnet er bra og ligg ikkje langt under «normalvekstkurva» (Figur 6.5.3). Ser ein på veksten til dei einskilde årsklassane (Figur 6.5.4) så er den også jamn,


med unntak av dei to eldste. Kurvene for veksten til sju og åtte år gammal fisk, kvar representert av berre ein fisk viser svært varierande vekst med vekslande auke og nedgang i vekst.



Figur 6.5.2: Aldersfordeling av aure fanga i Hednedalsvatnet 1/9-95 ( $n = 41$ ).



Figur 6.5.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Hednedalsvatnet 1/9-95 ( $n = 42$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 6.5.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Hednedalsvatnet 1/9-95 ( $n = 42$ ).

Fjørmygglarvar dominerer dietten til aure i Hednedalsvatnet, men det var også ein god del vårfloigelarvar i dei magane som vart undersøkte (Tabell 6.5.1). I tillegg var det ete fjørmyggupper, overflateinsekt og ertemusling i små mengder. Gjennomsnittleg fyllingsgrad var 2,7.

**Tabell 6.5.1:** Mageinhald hjå 12 av fiskane som vart fanga i Hednedalsvatnet 1/9-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinhaldet til alle dei undersøkte fiskane

GRUPPE	Fisk nr												%
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	
<b>Overfatedyr</b>													
Flygande insekter												40	3,3
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	99	15	100	100	100	89	30	100	50	100	60	100	78,6
Fjørmyggupper		15					1	20					3,0
Vårfloigelarvar (Trichoptera)			30				10	50		50			11,7
Ertemusling (Pisidium)		1											0,1
<b>Plankton</b>													
Daphnia (vasslopper)			40										3,3

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1981 hadde Hednedalsvatnet ein tett bestand med fin fisk (gj.sn. k-faktor: 1,09). Vellukka gyting vart rekna å førekoma i alle høve einskilde år. Det vart føreslege å redusera dei årlege utsetjingane, som då låg på 1500-2000 fisk.

### Denne undersøkjinga

Bestanden av aure i Hednedalsvatnet i 1995 var omlag lik den i 1981. Vekst og kondisjon var like god og bestanden er tunnare men framleis middels tett. Det ser ut til at utsetjingane av fisk er høveleg store, men det er litt usikkert i og med at få årsklassar (særleg 4+) utgjer det meste av fangsten. Dette kan tyda på at vatnet vert hardt fiska og at fisk eldre enn fire år kjem opp i fangbar storleik eller at rekrutteringa (naturleg eller kunstig) har vore svak før 1991.

## 6.6 Nedre Berdalsvatnet

Kommune: Aurland

Kartref: (ED50) UTM MN 147 404 (414718 6740420)

Vassdragsnr./Innsjønr.: 072.D1B/16070

Vassdrag: Berdalselva

H.o.h: 1441m

Reguleringshøgd: 2m

Areal: 36/30ha

Regulant: Oslo Energi

Første gong regulert: 1982


Pålegg: 500 1-somrig aure av uspesifisert stamme

Siste gong undersøkt: 1981

Antal garn/fangst: 6/13

### Resultat

Lengdene i fangsten varierer fra 11 til 27 cm, fangsten er nokolunde jamt spreidd innanfor dette intervallet (Figur 6.6.1). Dette samsvarar bra med aldersfordelinga (Figur 6.6.2), der alderen varierer fra to til åtte år utan nokon særleg dominans av enkelte årsklassar. Gjennomsnittleg lengd og vekt var 20,3 cm og 102 g.




Figur 6.6.1: Lengdefordeling av aure fanga i Nedre Berdalsvatnet 31/8-95 (n = 13).


Auren i Nedre Berdalsvatnet er i svært god form. Gjennomsnittleg k-faktor var  $1,08 \pm 0,08$  (0,90-1,22), med eitt unntak er k-faktor 1,00 eller større. Ni av dei 13 fiskane var kvite i kjøtet, dei andre fire var lysraude. Ingen av fiskane var kjønnsmogne.

Veksten er relativt dårleg i høve til «normalvekstkurva» (Figur 6.6.3), Gjennomsnittleg årleg tilvekst ligg i underkant av 3 cm. Dette skuldast sannsynlegvis at Nedre Berdalsvatnet ligg så høgt til fjells og dermed har svært kort vekstsesong. Veksten er jamn for dei ulike årsklassane,


men det ser ut til at dei tre yngste årsklassane har ein noko betre vekst enn dei andre (Figur 6.6.4). Det låge antalet fisk i kvar årsklasse gjer resultata svært usikre og me kan ikkje sei noko sikkert om skilnader mellom årsklassar.



Figur 6.6.2: Aldersfordeling av aure fanga i Nedre Berdalsvatnet 31/8-95 ( $n = 13$ ).



Figur 6.6.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Nedre Berdalsvatnet 31/8-95 ( $n = 13$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 6.6.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Nedre Berdalsvatnet 31/8-95 ( $n = 13$ ).

Fjørmygglarvar utgjer det aller meste av mageinnhaldet i dei fiskane me undersøkte, men det var også ete døgn- og vårløgelarvar (Tabell 6.6.1). Magefyllingsgrad varierte, frå fylling 1 til 5, men sju av fiskane hadde lite mat i magane (Gj.sn. fylling: 2,5).

**Tabell 6.6.1:** Mageinnhald hjå 14 av fiskane som vart fanga i Nedre Berdalsvatnet 31/8-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane

GRUPPE	Fisk nr													%
	1	2	3	5	6	7	8	10	11	12	13			
<b>Botndyr</b>														
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	100	60	100	100	70	100	95	100	90	98	100	92,1		
Fjørmyggupper												1		0,1
Vårløgelarvar (Trichoptera)						30		5		10	1			4,2
Døgnflogelarvar (Ephemeroptera)				40										3,6

## Vurdering

### *Førre undersøkjing*

I 1981 vart det fanga vart det fanga fisk med høg k-faktor (1,08) og god vekst. Gyting vart rekna for lite sannsynleg.

### *Denne undersøkjinga*

Kondisjonen på aurane fanga i 1995 var heilt lik gjennomsnittet for fangsten i 1981, men veksten ser ut til å ha vore noko svakare, i alle høve hjå dei eldste fiskane. Bestanden er tunn, men sannsynlegvis ikkje særleg ulik den i 1981. Utsetjingane er høvelege.

## 6.7 Nedre Grovjuvvatnet

Kommune: Aurland

Kartref: (ED50) UTM MN 131 331 (413137 6733129)

Vassdragsnr./Innsjønr.: 072.CC/16289

Vassdrag: Stonndalselva

H.o.h: 1374 m

Areal: 13 ha (ikkje regulert, ind. påverka v/ minskå vassføring)

Regulant: Oslo Energi

Pålegg: 200 1-somrig aure av uspesifisert stamme.


Siste gong undersøkt: 1981

Antal garn/fangst: 6/24

### Resultat


Lengdene er fordelt mellom 14 og 31 cm, gjennomsnittleg lengd og vekt var 23,7 cm og 164g (Figur 6.7.1). Aldersfordelinga er mellom eitt og åtte år og samsvarar godt med lengdefordelinga. Seks fiskar er eitt og to år gamle og 14-17 cm, dei resterande er fire til åtte år og 21-31 cm (Figur 6.7.2). Det kan tyda på at utsetjinga har svikta i 1991 og -92.

Auren i Nedre Grovjuvvatnet er i god form, gjennomsnittleg k-faktor var  $1,03 \pm 0,07$  (0,87-1,19). Sju av fiskane var kvite i kjøtet, seks var lysraude og 11 var raude. Ni fiskar (38%) var kjønnsmogne, to hannar og sju hoer. Yngste kjønnsmogne hann var fem år, yngste ho var seks år, to av hoene var andregongsgytarar.




Figur 6.7.1: Lengdefordeling av aure fanga i Nedre Grovjuvvatnet 1/9-95 (n = 24).


Veksten er avtakande etter som alderen aukar, men det er ikkje noko konkret knekkpunkt (Figur 6.7.3). Dei einskilde årsklassane viser omlag same tendens, med unntak av den eine åtte år gamle fisken som har hatt därleg vekst i starten men betre etter kvart (Figur 6.7.4). Storleiken ved eittårs alder til denne fisken indikerer at dette kan vera ein villfisk.



Figur 6.7.2: Aldersfordeling av aure fanga i Nedre Grovjuvvatnet 1/9-95 (n = 24).



Figur 6.7.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Nedre Grovjuvvatnet 1/9-95 (n = 24). Broten linje: «normalkurve».



Figur 6.7.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Nedre Grovjuvvatnet 1/9-95 (n = 24).

Det dominerande fødeemnet i dei mageprøvane som vart undersøkt var vårflosgelarvar, men det vart også ete mykje fjørmygglarvar (Tabell 6.7.1). Magefylling varierte sterkt, det vanlegaste var halvfulle magar (Gj.sn.: 2,4).

**Tabell 6.7.1:** Mageinnhald hjå 12 av fiskane som vart fanga i Nedre Grovjuvvatnet 1/9-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane

GRUPPE	Fisk nr													%
	1	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	17		
<b>Overflatedyr</b>														
Flygande insekter							50							4,2
<b>Botndyr</b>														
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	100	20		20	10	10	20	90	100	1	10			31,8
Vårflosgelarvar (Trichoptera)	100	80	100	80	40	40	80	10		99	90			59,9
Ertetusling (Pisidium)					50									4,2

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1981 vart det fanga aure med god vekst og kondisjon (gj.sn. k-faktor: 1,06). Alle fiskane kom frå den same utsetjinga. Vellukka gyting var rekna som usannsynleg.

### Denne undersøkjinga

I 1995 var gjennomsnittleg k-faktor litt lågare (1,03) men auren er framleis i god form. Veksten er bra men det er teikn til vekststagnasjon ved 25-30 cm lengd. Bestanden er normalt tynn og utsetjingane er truleg høvelege. Inn- og utløpselva vart synfare. Utløpselva hadde ein del fine oppvekstområde, men lite eigna gyteareal. Innløpselva er fin men grunn og det er store sjansar for botnfrysing vinterstid. Framtidige utsetjingar må pårekna.

## **6.8 Nedre Millomvatnet**

*Kommune:* Aurland

*Kartref. (ED50) UTM MN 168 350 (416850 6735050)*

*Vassdragsnr./Innsjønr.: 072.J1C/1518*

*Vassdrag:* Aurlandsvassdraget

*H.o.h (HRV):* 1451 m

*Reguleringshøgd:* 21 m

*Areal (HRV/LRV):* 106/21 ha

*Regulant:* Oslo Energi

*Første gong regulert:* 1982

*Pålegg:* 600 1-somrig aure av uspesifisert stamme

*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 6/0

Det vart ikkje fanga fisk i Nedre Millomvatnet korkje i 1981 eller 1995. Vatnet ligg i eit snørikt område med sein isgang og dette kan innebera problem for overlevinga til den nyutsette fisken. Ein anna ting er at vasskjemien i vatnet er heller dårlig, pH = 5,4 (h-95), og bufferevnna er dårlig. Det kan tenkast at dette kan påverka overlevinga i vatnet, og i tillegg til korte somrar kan dette vera nok til at fisk ikkje klarar å etablera seg. Ein bør vurdera om det er grunn til å fortsetja utsetjingane i vatnet, dersom det stemmer at det ikkje har vore registrert fisk her sidan 70-talet.

## 6.9 Reppevatnet

*Kommune:* Aurland

*Kartref:* (ED50) UTM MN 098 417 (409800 6741750)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 072.CAB/1505

*Vassdrag:* Reppa

*H.o.h (HRV):* 1307 m

*Reguleringshøgd:* 15 m

*Areal (HRV/LRV):* 32/13 ha

*Regulant:* Oslo Energi

*Første gong regulert:* 1982

*Pålegg:* 300 1-somrig aure av uspesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 6/25

### Resultat

Lengdene er fordelt mellom 15 og 30 cm, gjennomsnittleg lengd og vekt var 21,8 cm og 116 g (Figur 6.9.1). Fisken er mellom to og sju år gammal, dei fleste er tre til seks år (Figur 6.9.2).


Fisken ser ut til å vera i bra form, gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $1,02 \pm 0,07$  (0,92-1,16). Femten av fiskane var kvite i kjøtet, ni lyseraud og ein var raud. Berre tre fiskar (12%) var kjønnsmogne, to hannar og ei ho. Yngste mannen var fire år, hoa var fem.




Figur 6.9.1: Lengdefordeling av aure fanga i Reppevatnet 30/8-95 ( $n = 25$ ).

Veksten i Reppevatnet er normal for ein høgfjellspopulasjon (Figur 6.9.3). Det kan sjå ut som veksten er særleg god dei tre første åra, for så å avta noko. Med unntak av den eine sju år gamle fiskan som vart fanga, er biletet einsarta for alle årsklassane (Figur 6.9.4). Den sju år


gamle fisken hadde hatt svært dårlig vekst dei to første åra, men tok det heile att i løpet av ein vekstssesong. Dette har sannsynlegvis å gjera med varierande isgang/ vekstssesong i ulike år.



**Figur 6.9.2:** Aldersfordeling av aure fanga i Reppevatnet 30/8-95 (n = 25).



**Figur 6.9.3:** Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Reppevatnet 30/8-95 ( $n = 25$ ). Broten linje: «normalkurve».



**Figur 6.9.4:** Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Reppevatnet 30/8-95 (n = 25).

Ein av dei tolv fiskane me undersøkte for mageinnhald hadde ete ein del vårfloger, elles bestod dietten utelukkande av fjørmygg. Gjennomsnittleg magefyllingsgrad var 2,8.

## Vurdering

### *Førre undersøkjing*

I 1981 var fisken i Reppevatnet i god form (gj.sn. k-faktor: 1,05), alle som vart fanga var sette ut i 1977. Årleg vekst varierte frå år til år og det var tett samanheng mellom årleg tilvekst og isfri periode. Naturleg rekruttering vart utelukka.

### *Denne undersøkjinga*

Stoda ser ut til å vera omlag den same i 1995 som i 1981, både kva angår vekst og kondisjon. Fiskebestanden er tunn men i bra form og utsetjingane ser ut til å ha slege jamt til dei fleste åra. Potensialet for naturleg rekruttering vart ikkje kartlagt, men det er ikkje noko i fangstane som indikerer at vellukka gyting har funne stad. Framtidige utsetjingar må påreknaast, dagens utsetjingar er truleg høvelege.

## **6.10 Store Kreklevatnet**

*Kommune:* Aurland

*Kartref:* (ED50) UTM MN 079 402 (407950 6740200)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 072.CAC/1506

*Vassdrag:* Aurlandsvassdraget

*H.o.h (HRV):* 1477 m

*Reguleringshøgd:* 17 m

*Areal (HRV/LRV):* 109/40 ha

*Regulant:* Oslo Energi

*Første gong regulert:* 1983

*Pålegg:* 300 1-somrig aure av uspesifisert stamme

*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 6/1

### **Resultat**

Store Kreklevatnet vart prøvefiska 12-13/9 1995. Det vart fanga berre ein aure, ein utsett eittåring som var 10,9 cm og 15 g. K-faktor var heile 1,16 og fisken hadde ete fjørmygglarvar.

### **Vurdering**

Det ser ikkje ut til at nokon av utsetjingane har slege til dei seinare åra. Store Kreklevatnet ligg i eit karrig, snørikt område like under Storskavlen og er truleg marginal i høve til isgang og lengd på vekstssesongen. Det inneber at det relativt ofte ikkje vil vera nokon vekstssesong. Dersom temperaturen i vatnet ikkje kjem over 4°C vil ikkje fisken veksa, og ung utsett fisk vil ha problem med å overleva. Dersom det er ynskje om å ha ein aurebestand i vatnet bør utsetjingane aukast i ein periode, med påfølgjande prøvefiske, for å sjå om det er grunnlag for vidare utsetjingar eller om ein bør avskriva å ha ein aurebestand i Store Kreklevatnet.

## 6.11 Svartevatnet

*Kommune:* Aurland

*Kartref:* (ED50) UTM MN 196 341 (419650 6734100)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 072.J1B/1517

*Vassdrag:* Heimre Varga

*H.o.h (HRV):* 1441 m

*Reguleringshøgd:* 31 m

*Areal (HRV/LRV):* 270/108 ha

*Regulant:* Oslo Energi

*Første gong regulert:* 1981

*Pålegg:* 3000 1-somrig aure av uspesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 6/13

### Resultat


Lengdene var fordelt mellom 15 og 28 cm (Figur 6.11.1) og fisken var mellom tre og åtte år gammal (Figur 6.11.2). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 23,1 cm og 164 g. Det var ingen gjennomført samanheng mellom alder og lengd.

Auren i Svartevatnet er i svært god form. Gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $1,07 \pm 0,06$  (0,96-1,19), berre to av fiskane hadde k-faktor under 1,00. Fem av fiskane var kvite i kjøtet, seks var lyseraud og to var raud. Berre ein fisk, ei åtte år gammal ho, var kjønnsmogen.




Figur 6.11.1: Lengdefordeling av aure fanga i Svartevatnet 5/9-95 (n = 13).


Veksten er i underkant av det som er normalt for ein høgfjellspopulasjon (Figur 6.11.3), gjennomsnittleg årleg tilvekst er mellom 2,5 og 3,5 cm. Kurvene for dei enskilde årsklassane varierer ein god del (Figur 6.11.4), noko som sannsynlegvis skuldast at talet fisk i fangsten er lågt.



Figur 6.11.2: Aldersfordeling av aure fanga i Svartevatnet 5/9-95 ( $n = 10$ ).



Figur 6.11.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Svartevatnet 5/9-95 ( $n = 10$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 6.11.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Svartevatnet 5/9-95 ( $n = 10$ ).

Dietten i Svartavatnet består mest utelukkande av fjørmygglarvar og vasslopper (Tabell 6.11.1). dei fleste aurane hadde lite mat i magane, gjennomsnittleg magefylling var 2,0

**Tabell 6.11.1:** Mageinnhald hjå 11 av fiskane som vart fanga i Svartavatnet 5/9-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane

GRUPPE	Fisk nr												%
	1	2	3	4	5	6	7	9	10	11	12		
<b>Botndyr</b>													
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	100		100	70	70	100	99	50	80	100	20	71,7	
Fjørmyggupper				10								0,9	
<b>Plankton</b>													
Daphnia (vasslopper)		100		20	30			1	50	20		80	27,4

## Vurdering

### *Førre undersøkjing*

I 1981 vart det fanga to fiskar med svært god kondisjon (k-faktor: 1,14). På denne tida var vatnet rekna å vera fisketomt og dei to fiskane hadde sannsynlegvis vandra ned frå Nedre Mil-lomvatnet.

### *Denne undersøkjinga*

I 1995 var bestanden tunn, fisken veks seint men er i god form (k-faktor: 1,07). Det er ingen årsklasse som dominerer i fangsten (Figur 11.2) så det ser ut til at det har vore jamt, men heller dårlig tilslag frå utsetjingane. Potensialet for naturleg rekruttering vart ikkje kartlagt, men det er ingenting som tyder på vellukka gyting, og framtidige utsetjingar må pårekna. Utsetjingane er truleg høvelege, sjølv om vatnet ville tolt ein litt tettare bestand.

## 6.12 Vestredalsmagasinet

*Kommune:* Aurland

*Kartref. (ED50) UTM MN 221 353 (422100 6735300)*

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 072.J/1499

*Vassdrag:* Aurlandsvassdraget

*H.o.h (HRV):* 1152 m

*Reguleringshøgd:* 21 m

*Areal (HRV/LRV):* 227/89 ha

*Regulant:* Oslo Energi

*Første gong regulert:* 1982

*Pålegg:* 3000 1-somrig aure av uspesifisert stamme

*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 8/57


### Resultat

Lengdene varierte fra 10 til 33 cm, dei fleste var mellom 13 og 29 cm (Figur 6.12.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 20,9 cm og 100 g. Alderen er mellom eitt og åtte år, og den dominante årsklassen er femåringane (Figur 6.12.2). Eittåringane er 10 til 14 cm, to- og treåringane er opptil 19 cm og dei eldre årsklassane er blanda i høve til lengd.


Fisken i Vestredalsmagasinet er heller mager. Gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $0,92 \pm 0,07$  (0,79-1,06). Heile 21 fiskar (37%) hadde k-faktor under 0,90, berre åtte (14%) hadde over 1,00. Nitten av fiskane var kvite i kjøtet, 12 var lyseraud og 16 var raud. Tretten fiskar (23%) var kjønnsmogne, elleve hannar og to hoer. Yngste kjønnsmogne hanfisk var tre år, yngste hoa var seks år. To var andregongsgytarar, ein han og ei ho, både fem år gamle.

Veksten er bra, den samla vekstkurva ligg berre litt under «normalvekstkurva» (Figur 6.12.3). Snittlengda på 6,1 cm etter første året viser at dei fleste fiskane er utsette og forklarer kvifor kurva på det tidspunktet ligg over «normalen». Det er små skilnader mellom årsklassane (Figur 6.12.4), dei to år gamle fiskane har hatt litt betre vekst enn resten. Den eine åtte år gamle fisken som vart fanga (ikkje teken med i figurane) hadde hatt ein variabel men stort sett dårlig vekst. Denne var berre fire cm som eittåring og kan ha vore ein villfisk.


Det dominante fødeemnet i Vestredalsmagasinet ser ut til å vera fjørmygglarvar og overflateinsekt (Tabell 6.12.1). Det var også ete litt fjørmyggupper og ertemusling. Dei aller fleste aurane hadde lite mat i magane, gjennomsnittleg magefylling var 1,5.




Figur 6.12.1: Lengdefordeling av aure fanga i Vestredalsmagasinet 28/7-95 (n = 57).



Figur 6.12.2: Aldersfordeling av aure fanga i Vestredalsmagasinet 28/7-95 (n = 57).



Figur 6.12.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Vestredalsmagasinet 28/7-95 (n = 57). Broten linje: «normalkurve».



**Figur 6.12.4:** Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Vestredalsmagasinet 28/7-95 (n = 57).

**Tabell 6.12.1:** Mageinnhald hjå 10 av fiskane som vart fanga i Vestredalsmagasinet 28/7-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane

GRUPPE	Fisk nr										%
	4	7	12	13	15	16	18	25	26	52	
<b>Overflatedyr</b>											
Flygande insekter	80		40				15	15	9		15,9
<b>Botndyr</b>											
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	15	100	60	90	100	100	80	80	90	90	80,5
Fjørmyggupper				10			5			10	2,5
Ertemusling (Pisidium)	5						5	1			1,1

## Vurdering

### Førre undersøkjing

Vestredalsmagasinet vart ikkje regulert før i 1982, så i 1981 vart Øvre og Nedre Vestredalstjørn prøvefiska. I både vatna fisken av bra kvalitet (gj.sn. k-faktor: 1,06) og veksten var normalt bra. Skjoldkreps var eit viktig fødeemne og gyttetilhøva var sparsame. Det vart rekna at gyttetilhøva ville verta øydelagde ved regulering.

### Denne undersøkjinga

I 1995 var fisken heller mager (k-faktor: 0,92), men veksten var god. Dietten var no for det meste fjørmygglarvar, men det var også ete ein del overflateinsekt, noko som saman med låg magefylling indikerer eit visst næringsstress. Fisketettleiken er etter alt å døma for høg i Vestredalsmagasinet. Dette vil ein kunna finna ut dersom ein reduserer utsetjingane over ein periode og så gjennomfører eit nytt prøvefiske i vatnet, t.d. kring år 2000.

## 6.13 Vetlebotnvatnet

Kommune: Aurland

Kartref. (ED50) UTM MN 219 413 (421975 6741300)

Vassdragsnr./Innsjønr.: 072.G/1498

Vassdrag: Aurlandsvassdraget

H.o.h (HRV): 1025 m

Reguleringshøgd: 19 m

Areal (HRV/LRV): 83/25 ha

Regulant: Oslo Energi

Første gong regulert: 1979

Pålegg: Ingen


Siste gong undersøkt: 1981

Antal garn/fangst: 4/12

## Resultat


Lengdene varierer fra 10 til 27 cm (Figur 6.13.1), gjennomsnittleg lengd og vekt var 19,8 cm og 101 g. Alderen er mellom eitt og fem år, og viser at dei to fiskane på ti cm er eitt år gamle, den på 15 er to år, medan resten av årsklassane har overlappende lengdefordeling (Figur 6.13.2).

Gjennomsnittleg k-faktor for fangsten i Vetlebotnvatnet er god,  $1,04 \pm 0,08$  (0,89-1,13). Åtte av fiskane var kvite i kjøtet, ein var lyseraud og tre var raud. Fire fiskar (33%), alle hannar, var kjønnsmogne, yngste kjønnsmogne var fire år




Figur 6.13.1: Lengdefordeling av aure fanga i Vetlebotnvatnet 27/7-95 (n = 12).


Veksten er normal for høgfjellsvatn (Figur 6.13.3). To- og treåringane ser ut til å ha hatt betre vekst enn dei eldre fiskane (Figur 6.13.4).



**Figur 6.13.2:** Aldersfordeling av aure fanga i Vetlebotnvatnet 27/7-95 ( $n = 12$ ).



**Figur 6.13.3:** Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Vetlebotnvatnet 27/7-95 ( $n = 12$ ). Broten linje: «normalkurve».



**Figur 6.13.4:** Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Vetlebotnvatnet 27/7-95 ( $n = 12$ ).

Auren i Vetlebotnvatnet hadde ete overflateinsekt og ei ulike insektlarvar og -pupper (Tabell 6.13.1). Det store innslaget av overflateinsekt og elles stor variasjon i dietten er vanlegvis eit teikn på næringsstress, men det ser ikkje ut til å vera tilfelle her utifrå vekst og kondisjon. Dei fleste fiskane hadde halvfulle magar, gjennomsnittleg fyllingsgrad var 2,6.

**Tabell 6.13.1:** Mageinnhald hjå 11 av fiskane som vart fanga i Vetlebotnvatnet 27/7-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr											%
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	
<b>Overflatedyr</b>												
Flygande insekter	10	45	80	95	30				38	55	95	40,7
<b>Botndyr</b>												
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	70	30			10	5	25	10	2	2		14,0
Fjørmyggupper		5				5	5		50	10		6,8
Vårfløgelarvar (Trichoptera)	15	20		3	60	50	30					16,2
Døgnflogelarvar (Ephemeroptera)	3					20	40	30	10	10	5	10,7
Steinfløgelarvar (Plecoptera)	2		20	2				60		20		9,5
Diptera (fløger o.l.), pupper						20				3		2,1

## Vurdering

### Førre undersøkjing

Kvaliteten på auren som vart fanga i 1981 var jamt bra (gj.sn. k-faktor: 1,01). Veksten var også jamt bra men med vekststagnasjon ved 25-30 cm. Det vart konkludert at bestanden hadde vore for tett men var i ferd med å verta tynna ut. Det var lite ungfisk i fangsten. Naturleg rekuttering etter regulering vart rekna som usannsynleg.

### Denne undersøkjinga

I 1995 var aurebestanden normalt tunn, k-faktor var litt høgare (1,04) og snittalderen var lågare, sjølv om det var mest fire og fem år gammal fisk.. Det vart ikkje påvist vekststagnasjon. Potensialet for naturleg rekuttering vart ikkje kartlagt, men bestanden er høveleg anten det skuldast naturleg rekuttering, nedvandring frå andre vatn eller utsetjingar utanom pålegg.

## 6.14 Viddalsmagasinet

Kommune: Aurland

Kartref: (ED50) UTM MN 060 449 (406025 6744950)

Vassdragsnr./Innsjønr.: 072.B1B/1504

Vassdrag: Grimsetelva

H.o.h (HRV): 930 m

Reguleringshøgd: 62 m

Areal (HRV/LRV): 413/205 ha

Regulant: Oslo Energi

Første gong regulert: 1971

Pålegg: 6000 1-somrig aure av uspesifisert stamme


Siste gong undersøkt: 1981

Antal garn/fangst: 11/87

### Resultat

Lengd, vekt og k-faktor er berekna på totalmaterialet på 87 fisk, medan fastsettjing av alder og vekst er gjort på eit utval på 54 fiskar.


Lengdene i fangsten er mellom 9 og 47 cm (Figur 6.14.1). Det meste av fisken er mellom 15 og 30 cm, og berre ein fisk er over 35 cm. Gjennomsnittleg lengd og vekt er 22,4 cm og 132 g. Alderen på fangsten er mellom eitt og elleve år, med mest fisk mellom fire og sju år (Figur 6.14.2). Den eine fisken som skilde seg ut i materialet var 47 cm, vog 1,2 kg og var elleve år gammal.




Figur 6.14.1: Lengdefordeling av aure fanga i Viddalsmagasinet 14/9-95 (n = 87).

Fisken i Viddalsmagasinet er mager. Gjennomsnittleg k-faktor for fangsten var  $0,93 \pm 0,07$  ( $0,70\text{--}1,11$ ). Heile 24 av fiskane (27%) hadde k-faktor under 0,90, berre 12 (14%) hadde over 1,00. Trettitre av fiskane var kvite i kjøtet, 30 var lyseraud og 24 var raud. Tjueto fiskar


(25%) var kjønnsmogne, tolv hannar og ti hoer. Den yngste mannen var 4 år, den yngste hoa var 5 år gammal.



Figur 6.14.2: Aldersfordeling av aure fanga i Viddalsmagasinet 14/9-95 ( $n = 54$ ).



Figur 6.14.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Viddalsmagasinet 14/9-95 ( $n = 54$ ). Brotten linje: «normalkurve».



Figur 6.14.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Viddalsmagasinet 14/9-95 ( $n = 54$ ).

Veksten er som i andre høgfjellsvatn, litt lågare enn «normalvekst» (Figur 6.14.3). Det ser i figur 6.14.3 ut som om veksten er avtakande med aukande alder. Men dersom ein ser på dei einskilde årsklassane (Figur 6.14.4) viser det seg at kvar årsklasse har hatt ein nokolunde jamn vekst men at dei eldre årsklassane har hatt ein litt svakare vekst enn dei yngre.

Dietten er relativt variert i Viddalsmagasinet. Både overflateinsekt, fjørmygglarvar, små vasslopper og gelékreps er vanlege fødeemne (Tabell 6.14.1). I tillegg er det ete vårflogetlarvar, fjørmyggpupper og hoppekreps. Høg andel av overflateinsekt i dietten og elles stor breidd i bytdyrgrupper er eit vanleg teikn på næringsstress, og dette fell bra saman med inntrykket av høg tettleik og därleg kondisjon hjå auren i Viddalsmagasinet. Dei fleste aurane hadde lite mat i magane. gjennomsnittleg fyllingsgrad var berre 1,4.

**Tabell 6.14.1:** Mageinnhald hjå 10 av fiskane som vart fanga i Viddalsmagasinet 14/9-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av det samla mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr										%
	3	6	7	9	10	11	13	16	18	21	
<b>Overflededyr</b>											
Flygande insekter	100	100						100	30		33,0
<b>Botndyr</b>											
Fjørmygglarvar (Chironomidae)				99	50	95	30				27,4
Fjørmyggpupper				1	50	1					5,2
Vårflogetlarvar (Trichoptera)						4					0,4
<b>Plankton</b>											
Bosmina (vasslopper)		100					70				17,0
Gelékreps (Holopedium)								60	100		16,0
Hoppekreps (Copepoda)								10			1,0

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1981 var fisken som vart fanga av varierande kvalitet, gjennomsnittleg k-faktor var 0,96 og veksten var relativt sein. Bestanden vart karakterisert som tunn og utsetjingar vart tilrådd.

### Denne undersøkjinga

I 1995 var fisken enno magrare (k-faktor: 0,93) enn i 1981. Aldersfordelinga var meir spreidd og med meir tyngd på yngre fisk (Figur 6.14.2). Alt tyder på at bestanden er for tett i Viddalsmagasinet, eit gjennomsnitt på nær åtte fisk per garn er for mykje. Svaret vil ein få ved å redusera pålegget nokre år og så føreta eit nytt prøvefiske.

## 6.15 Øyestølsvatnet

*Kommune:* Aurland

*Kartref.* (ED50) UTM MN 217 421 (421753 6742108)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 072.F/16032

*Vassdrag:* Aurlandsvassdraget

*H.o.h:* 964 m

*Areal:* 15 ha (ikkje regulert, ind. påverka v/ minska vassføring)

*Regulant:* Oslo Energi

*Pålegg:* 600 1-somrig aure av uspesifisert stamme


*Siste gong undersøkt:* 1981

*Antal garn/fangst:* 4/22

### Resultat


Lengdefordelinga var frå 13 til 30 cm, gjennomsnittleg lengd og vekt var 20,7 cm og 95 g (Figur 6.15.1). Alderen på fiskene er mellom to og sju år, med ein dominans av fireåringer (åtte av 22, figur 6.15.2).

Fiskene i Øyestølsvatnet er heller mager. Gjennomsnittleg k-faktor var  $0,94 \pm 0,06$  (0,82-1,08), berre fire av dei 22 fiskane hadde k-faktor over 1,00. Fjorten av fiskane var kvite i kjøtet, sju var lysraude og ein var raud. Berre ein av fiskane, ein sju år gammal hanfisk, var kjønnsmogen.




Figur 6.15.1: Lengdefordeling av aure fanga i Øyestølsvatnet 13/9-95 (n = 22).


Veksten til auren i Øyestølsvatnet er omlag som i andre høgfjellsvatn, dvs. noko dårligare enn «nornalvekst» (Figur 6.15.3). Figur 6.15.4 viser at toåringane har hatt best vekst, sju år gammal fisk (berre ein fisk) har hatt den dårligaste. Skilnadene er ikkje store, men biletet er ganske typisk for det ein finn i mange vatn.



Figur 6.15.2: Aldersfordeling av aure fanga i Øyestølsvatnet 13/9-95 ( $n = 22$ ).



Figur 6.15.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Øyestølsvatnet 13/9-95 ( $n = 22$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 6.15.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Øyestølsvatnet 13/9-95 ( $n = 22$ ).

Det viktigaste fødeemnet i Øyestølsvatnet i september var vårløgelarvar, men det var også ete fjørmygglarvar, vasslopper, linsekreps og ertemusling (Tabell 6.15.1). Dei fleste fiskane hadde lite mat i magane, gjennomsnittleg magefyllingsgrad var 1,6

**Tabell 6.15.1:** Mageinnhald hjå 9 av fiskane som vart fanga i Øyestølsvatnet 13/9-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr											
	1	2	3	4	7	9	10	11	12	%		
<b>Overflatedyr</b>												
Flygande insekter					10	20						3,3
<b>Botndyr</b>												
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	5				60	20	10	10	35		15,6	
Vårløgelarvar (Trichoptera)	100	100	70	10	50	90	80	60			62,2	
Linsekreps (Chydoridae)				30	10	10						5,6
Ertemusling (Pisidium)					10			10	5			2,8
<b>Plankton</b>												
Daphnia (vasslopper)	95											10,6

## Vurdering

### Førre undersøkjing

I 1981 var fisken som vart fanga gammal og av dårlig kvalitet (gj. sn. k-faktor: 0,94), med vekststagnering ved omlag 20 cm. Alderen på fangsten (sju år og eldre) syntet at det ikkje hadde vore vellukka gyting i vatnet etter at vassgjennomstrøyminga forsvann ved oppdemming av Vettlebotnvatnet.

### Denne undersøkjinga

Kvaliteten på fisken var mykje den same i 1995 som i 1981. Gjennomsnittleg k-faktor var 0,94 og veksten omlag normal. Aldersfordelinga var breiare i 1995 (to-sju år). Påslag etter utsetjing har vore nokolunde jamn, med unntak av utsetjinga i 1991, då påslaget var ekstra stort (Figur 6.15.2). Fisketettleiken er mellom dei høgaste av det me fann i vatna i Aurlandsområdet, og det kan sjå ut som bestanden er for tett.

## 7. Fortun-Grandfastavassdraga

**Regulant: HYDRO ENERGI**

Fortun-Grandfastavassdraga har eit nedslagsfelt på 518 km<sup>2</sup> som ligg i kommunane Lom og Skjåk i Oppland fylke og Luster i Sogn og Fjordane. 457 km<sup>2</sup> (84%) av nedslagsfeltet ligg over 900 m.o.h., og alle dei regulerte vatna ligg over 1000 m.o.h. Reguleringane vart gjennomførde i åra 1960-62.

Fortunelva startar ved Nørdstedalsseter i Fortundalen ved at Nørdstedalselva, Midtdøla og Vetledøla renn saman. Omlag 15 km ovanfor Sognefjorden renn Grandfasta inn i Fortunelva (Figur 7.1).

Det vart prøvefiska til saman åtte vatn i Fortun-Grandfastavassdraga i 1995 (Tabell 7.1). I tillegg til dei vatna som vart fiska er det utsetjingspålegg i Storevatnet (UTM MP 446 292, 1275 m.o.h.) og Dyrhaugsvatnet (UTM MP 425 270, 1352 m.o.h.). Storevatnet vart prøvefiska av NINA i 1993, medan Dyrhaugsvatnet vart prøvefiska i 1994 av Einar Fortun, Luster Fjellstyre. Grunna lokal interesse vart det prøvefiska i Gravdalsvatnet og Nedre Grønevatnet (Tabell 7.1). Der er det ikkje utsetjingspålegg, men regulanten har årleg sett ut 500 1-somrig aure i Gravdalsvatnet og 400 i Nedre Grønevatnet.

**Tabell 7.1:** Oversikt over vatn i Fortun-Grandfastavassdraga som vart prøvefiska i 1995. Opplysningane er henta frå Bjerknes & Lingaas (1992), Sølsnæs & Langåker (1993) og Vassdragsregisteret.

Magasin	UTM-koord.	M.o.h. (Hrv)	Reg. høgd (m)	Areal (ha) HRV/LRV	Uts. pålegg
Fivlemyrane	MP 341 360	1028	10	60/10	500
Gravdalsvatnet	MP 333 358	1268	25,5	60/30	0
Nedre Grønevatnet	MP 395 351	1297	20	30/10	0
Prestesteinsvatnet	MP 424 242	1356	22,5	350/70	2000
Spile	MP 446 291	1279	0	7	50
Skålavatnet	MP 386 264	1013	25	130/60	1000
Øvre Grønevatnet	MP 405 835	1332	20	50/25	400
Øvre Hervavatnet	MP 410 235	1302	15	100/20	1200

### 7.1 Vasskjemi/Plankton

#### *Vasskjemi*

Vasskjemien er bra i alle vatna som vart prøvefiska i Fortun-Grandfastavassdraga, pH-verdiane ligg mellom 5,6 og 6,2 (Tabell 7.1.1). Alkaliteten er varierande, men mengda labilt aluminium er lågt. Øvre Grønevatnet og Storevatnet har lågast pH og mest labilt aluminium, men alle vatna ser ut til vera stabile system med god bufferevne m.o.t. forsuring. Området er rekna å vera middels forsuringsfølsomt (NGU-rapport nr. 90.120, 1991).

**Tabell 7.1.1:** Oversikt over vasskjemiske data for dei undersøkte vatna.

Lokalitet	pH	Farge (mg Pt/l)	Kond.-25 (µS/cm)	Alk.* (µekv/l)	Ca (mg/l)	TM-Al (µg/l)	UM-Al (µg/l)
Gravdalsvatnet	6,2	0	8,1	20	0,80	1	1
Nedre Grønevatn	5,7	0	6,1	0	0,45	6	3
Prestestensvatnet	6,0	1	7,4	15	0,52	3	1
Øvre Grønevatnet	5,6	-	7,5	0	0,53	11	7
Øvre Hervavatnet	6,1	1	8,1	7	0,67	4	3
Spile	5,9	1	4,0	3	0,24	3	1
Storevatnet**	5,6	0	7,0	0	0,39	17	13

\* Korr. Henriksen

\*\* Storevatnet vart ikkje prøvefiska

### Plankton

Det vart berre teke planktonprøvar i tre vatn (Tabell 7.1.2). I Øvre Hervavatnet er tettleiken av plankton i vassmassane relativt høg, i dei andre to vatna noko mindre. I Spile var det nær total dominans av dei små vassloppene Bosmina. Desse er så små at dei er lite attraktive bytedyr for auren. Det same gjeld hoppekrepss, som utgjer mykje av plankton-samfunnet i Øvre Hervavatnet. I Prestestensvatnet er det ein god del Daphnia (vasslopper) som er attraktiv føde for auren, og desse utgjorde også omlag helvta av mageinnhaldet til auren i dette vatnet (Kapittel 7.5).

**Tabell 7.1.2:** Resultat av vertikale plankontrekk i vatn på i Fortun i 1995. Prøvane er tekne frå det doble siktedjupet til overflata. Der totaldjupet er mindre enn dette vert prøvane tekne i heile vassøyla.

	Prestestensvatnet	Spile	Ø. Hervavatnet
Siktedjup (m)	6	11	12
Prøvedjup (m)	12	22	24

### Plankton (n/m<sup>2</sup> overflate)

#### Vasslopper

<i>Bosmina</i>	9310	9310	4892
<i>Holopedium</i>	5891	0	13466
<i>Daphnia</i>	2683	0	210


#### Hoppekrepss

<i>Cyclopoide</i>	4681	316	34295
-------------------	------	-----	-------



Totalt antal individ per m<sup>2</sup>

14097                    9626                    52863

# FORTUNVASSDRAGET



## Teiknforklaring



Figur 7.1: Oversikt over området for Fortun-Grandfjordareguleringene og plassering av dei åtte vatna som vart prøvefiska. 1: Fivlemyrene, 2: Gravdalsvatnet, 3: Nedre Grønevatnet, 4: Presteinstenvatnet, 5: Spile, 6: Skålåvatnet, 7: øvre Grønevatnet, 8: øvre Henvatnet

## **7.2 Fivlemyrane**

*Kommune:* Luster

*Kartref.* (ED50) UTM MP 341 360 (434100 6836050)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 075.DB/1590

*Vassdrag:* Gravdøla

*H.o.h (HRV):* 1028 m

*Reguleringshøgd:* 10 m

*Areal (HRV/LRV):* 60/10 ha

*Regulant:* Hydro Energi

*Første gong regulert:* 1960-62

*Pålegg:* 500 1-somrig aure av uspesifisert stamme

*Siste gong undersøkt:* 1985 (Møkkelgjerd 1986)

*Antal garn/fangst:* 6/0

### **Resultat**

Det vart ikkje fanga fisk i Fivlemyrane korkje i 1975 eller 1995. I 1985 vart det fanga ein tre år gammal aure. Fivlemyrane er eit kunstig magasin som vert tappa heilt ned i lengre periodar fleire gonger i året. I desse periodane slepper sannsynlegvis den overlevande fisken seg ned i Skålavatnet. Det er ingen grunn til å fortsetja utsetjingane av aure i Fivlemyrane og pålegget bør fjernast.

### 7.3 Gravdalsvatnet

*Kommune:* Luster

*Kartref.* (ED50) UTM MP 333 358 (433325 6835800)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 075.DA2B/1597

*Vassdrag:* Gravdøla

*H.o.h (HRV):* 1268m

*Reguleringshøgd:* 25,6m

*Areal (HRV/LRV):* 60/30ha

*Regulant:* Hydro Energi

*Første gong regulert:* 1960-62

*Pålegg:* Ingen (500 1-somrig Tunhovdaure sett ut utanom pålegg)


*Siste gong undersøkt:* 1968

*Antal garn/fangst:* 6/20

#### Resultat

Lengdene er fordelt frå 11 til 31 cm, med eit tyngdepunkt mellom 22 og 27 cm (Figur 7.3.1). Gjennomsnittleg lengd og vekt var 20 cm og 112 g.


Fisken i Gravdalsvatnet er mager, gjennomsnittleg k-faktor var  $0,93 \pm 0,05$  (0,82-1,03) og berre ein fisk hadde k-faktor over 1,00. Seks av fiskane var kvite i kjøtet, sju var lyseraud og sju var raud. Ti av fiskane (50%) var kjønnsmogne, seks hannar og fire hoer. Fem var andregongsgytarar. Yngste kjønnsmogne fisk var fem år gammal.




Figur 7.3.1: Lengdefordeling av aure fanga i Gravdalsvatnet 18/8-95 ( $n = 20$ ).

Alderan på fiskane var frå to til åtte år gamle, dei fleste var fem og seks år (Figur 7.3.2).


Veksten er jamn for alle årsklassane (Figur 7.3.3 og 4) og ein god del lågare enn «normalvekstkurva». Gjennomsnittleg årleg tilvekst ligg kring 3 cm, noko som kan skuldast at vekstsesongen er kort i Gravdalsvatnet eller at næringstilgangen er dårleg.



Figur 7.3.2: Aldersfordeling av aure fanga i Gravdalsvatnet 18/8-95 ( $n = 20$ ).



Figur 7.3.3: Attenderekna vekst (kumulativ) for aure i Gravdalsvatnet 18/8-95 ( $n = 20$ ). Broten linje: «normalkurve».



Figur 7.3.4: Attenderekna vekst (kumulativ) for dei ulike årsklassane av aure i Gravdalsvatnet 18/8-95 ( $n = 20$ )

Dei mest etne bytedyra i Gravdalsvatnet er fjørmygglarvar og overflateinsekt, men det ser også ut til at ertemusling er relativt vanleg i dietten (Tabell 7.3.1). Magefyllingsgraden var låg hjå alle fiskane (Gj.sn. 2,0). Dietten, med dominans av såvidt lite attraktive bytedyr som overflateinsekt, indikerer at vatnet er næringsavgrensa.

**Tabell 7.3.1:** Mageinnhald hjå 16 av fiskane som vart fanga i Gravdalsvatnet 18/8-95. Dei ulike fødeemna er gjevne i prosent av totalt mageinnhald. Kolonna til høgre viser kor stor del (%) kvart fødeemne utgjer av mageinnhaldet til alle dei undersøkte fiskane.

GRUPPE	Fisk nr															%
	1	2	4	5	7	8	10	11	12	13	14	16	17	18	19	20
<b>Overflatedyrr</b>																
Flygande insekter	3	60	100	100	90		100	40	100	95		40				45,5
<b>Botndyr</b>																
Fjørmygglarvar (Chironomidae)	80	95	40		2	50		60		5	60	40	70	60	35	37,3
Fjørmyggpupper													30			1,9
Ertemusling (Pisidium)	20	2				50				40				5		7,3
<b>Plankton</b>																
Daphnia (vasslopper)						8							20	40	60	4,3
Gelékreps (Holopedium)																3,8

## Vurdering

I 1968 vart Gravdalsvatnet rekna å vera fisketomt.

I 1995 var det ein normalt tunn bestand av aure i vatnet, men fiskane veks seint og har dårlige k-faktorverdiar. Utifrå dietten til dei aurane me undersøkte kan det sjå ut som det er avgrensa med næring i Gravdalsvatnet, og at dette kan forklara kvaliteten på fisken. Auka fiskeinnsats eller reduserte utsetjingar kan vera naudsynt for å betra kvaliteten på aurebestanden i Gravdalsvatnet.

## 7.4 Nedre Grønevatnet

*Kommune:* Luster

*Kartref:* (ED50) UTM LN 395 351 (439575 6835150)

*Vassdragsnr./Innsjønr.:* 075.E1C/1593

*Vassdrag:* Vetledøla

*H.o.h (HRV):* 1297m

*Reguleringshøgd:* 20m

*Areal (HRV/LRV):* 30/10ha

*Regulant:* Hydro Energi

*Første gong regulert:* 1960-62

*Pålegg:* Ingen (400 1-somrig Tunhovdaure sett ut årleg frå 1991)


*Siste gong undersøkt:* 1985

*Antal garn/fangst:* 5/20

### Resultat

Storleiken på fiskane i fangsten var mellom 14 og 41 cm, dei fleste var mellom 15 og 25 cm (Figur 7.4.1). Vekta var mellom 29 og 652 g. Gjennomsnittleg lengd og vekt var 21,5 cm og 138 g.

Gjennomsnittleg k-faktor var  $1,01 \pm 0,04$  (0,95-1,10). Dei fleste fiskane var kvite i kjøtet, fem var lysraude og berre tre var rauda. Berre dei tre største fiskane var kjønnsmogne. Ein av desse, ei ni år gammal ho, var andregongsgyta.



Figur 7.4.1: Lengdefordeling av aure fanga i Nedre Grønevatnet 22/8-95 (n = 20).

Alderen til fiskane er frå tre til ni år (Figur 7.4.2), dei tre eldste fiskane er dei same som skil seg ut i lengd (Figur 7.4.1). Bestanden i Nedre Grønevatnet var dominert av fisk mellom tre og seks år, noko som har samanheng med at det har vore sett ut fisk i vatnet berre dei seinare åra. Fråveret av toåringar skuldast truleg at det ikkje vart sett ut fisk i 1993.

**Aktuelle rapportar i denne serie:**

**Pris**

Nr. 1 – 1990:	Brukarkrettleiing for valdreg – Database/register for hjorteviltvald	30,-
Nr. 2 – 1990:	Rapport frå høyring om tareskog og taretråling	30,-
Nr. 3 – 1990:	Skadefrekvens hos laksefisk etter nedvandring i foss	50,-
Nr. 4 – 1990:	Strategisk plan 1990–1994	30,-
Nr. 5 – 1990:	Miljøstatus 1990 – Sogn og Fjordane	50,-
Nr. 6 – 1990:	Avfallshandtering i Sogn og Fjordane – ISBN 82-91031-00-2	50,-
<hr/>		
Nr. 1 – 1991:	Forsuringsstatus og kalkingsplan for Sogn og Fjordane ISBN 82-91031-01-0	50,-
Nr. 2 – 1991:	Verneplan for sjøfugl. Delplan 5: Sogn og Fjordane 1991 ISBN 82-91031-02-9	50,-
Nr. 3 – 1991:	Furunkuloseutbrot i Eidselva, Eid kommune i Sogn og Fjordane hausten 1990 – ISBN 82-91031-03-7	30,-
Nr. 4 – 1991:	Verneverdiar i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden med serleg vekt på Styvi - Holmo landskapsvernområde ISBN 82-91031-04-5	30,-
Nr. 5 – 1991:	Villaksseminaret, Lærdal 31. mai - 1. juni 1991. Kompendium. ISBN 82-91031-05-3	50,-
Nr. 6 – 1991:	Inventering av eikeskog i Oselvvassdraget og Norddalsfjorden, Flora og Gloppen kommunar – ISBN 82-91031-06-1	30,-
<hr/>		
Nr. 1 – 1992:	Elvefangst av laks i Sogn og Fjordane ISBN 82-91031-08-8	30,-
Nr. 2 – 1992:	Miljøstatus 1991 Sogn og Fjordane ISBN 82-91031-09-6	50,-
Nr. 3 – 1992:	Årsmelding 1991 ISBN 82-91031-11-8	30,-
Nr. 4 – 1992:	Storevatnet på Steinsundøyna, Solund kommune Fiskeribiologiske granskningar – ISBN 82-91031-12-6	30,-
Nr. 5 – 1992:	Vassdrag og naturvernområde i Sogn og Fjordane – kart i målestokk 1:250.000 ISBN 82-91031-13-4	50,-
Nr. 6 – 1992:	Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (framlegg) ISBN 82-91031-14-2	50,-
<hr/>		
Nr. 1 – 1993:	Villaksseminar i Lærdal 1993 ISBN 82-91031-16-9	50,-
Nr. 2 – 1993:	Resipientgransking i Sogndalselva, Sogndal kommune – 1988/89 ISBN 82-91031-17-7	30,-
Nr. 3 – 1993:	Framlegg til kultiveringsplan for anadrom laksefisk og innlandsfisk i Sogn og Fjordane ISBN 82-91031-18-5	50,-
<hr/>		
Nr. 1 – 1994:	Miljøstatus Sogn og Fjordane 1992/93 – med langtidsperspektiv ISBN 82-91031-15-0	50,-
Nr. 2 – 1994:	Miljø – sysselsettingsprosjekt i Sogn og Fjordane i 1993 ISBN 82-91031-19-3	30,-
Nr. 3 – 1994:	Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark ISBN 82-91031-20-7	50,-
Nr. 4 – 1994:	Enkel skjøtselsplan for Styvi–Holmo landskapsvernområde ISBN 82-91031-21-5	30,-
Nr. 5 – 1994:	Kontroll av matfiskanlegg for laks og aure 1991–93 ISBN 82-91031-22-3	30,-
Nr. 6 – 1994:	Plan for minstekrav til reinsing – S. og Fj. ISBN 82-91031-23-1	30,-
<hr/>		
Nr. 1 – 1995:	Naturvernområde i S. og Fj. (kart). Kart i målestokk: 1:250.000 ISBN 82-91031-25-8	50,-
Nr. 2 – 1995:	Fiskeressursar i regulerte vassdrag i S. og Fj. Fagrappor 1994 ISBN 82-91031-26-6	50,-
Nr. 3 – 1995:	Biologiske undersøkelser av noen kulturlandskap og edellauvskog i S. og Fj. i 1994 ISBN 82-91031-26-6	50,-
Nr. 4 – 1995:	Bygder i Sogn og Fjordane - ein tilstandsanalyse ISBN 82-91031-27-4	50,-
<hr/>		
Nr. 1 – 1996:	Tenesteproduksjon i kommunane Flora, Førde og Gauldal - dekningsgrad, prioritering og produktivitet. ISBN 82-91031-28-2	50,-
Nr. 2 – 1996:	Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane	50,-



## SOGN OG FJORDANE FYLKE

Areal: 18.634 km<sup>2</sup>

Folketal: 107.724 (pr. 01.01.96)

ISBN 82-91031-28-2

ISSN 0807-352X